

STORDAL KOMMUNE



- der folk trivst!

Stordal kommune

Årsmelding 2017

Elin Amdam



Innhald

| | |
|--|----|
| Rådmannen har ordet..... | 2 |
| Stordal kommune – organisering..... | 4 |
| Politisk organisering..... | 4 |
| Administrativ organisering..... | 5 |
| Organisasjon og medarbeidarar | 6 |
| Økonomi..... | 9 |
| Økonomiske hovudtal | 9 |
| Nøkkeltal | 13 |
| Rekneskap per KOSTRA-funksjon..... | 13 |
| Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen / Felles tenester | 15 |
| Vekst i Stordal..... | 16 |
| Rammeområde 2 Oppvekst og kultur | 18 |
| Oppvekst | 19 |
| Andershaugen barnehage | 19 |
| Grunnskulen | 20 |
| SFO- Skulefritidsordninga..... | 22 |
| Vaksenopplæringa | 22 |
| Musikk- og kulturskulen | 22 |
| Kultur..... | 23 |
| Kulturkontoret - kulturkonsulent..... | 24 |
| Stordalshallen | 25 |
| Stordal Bibliotek..... | 26 |
| Folkehelsekoordinator | 27 |
| Stordal frivilligsentral | 28 |
| Stordal ungdomsråd..... | 30 |
| Stordal ungdomsklubb | 30 |
| Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg..... | 32 |
| Omsorgstenesta | 33 |
| Helsetenesta | 37 |
| Rammeområde 6 - Tekniske tenester, plan og utvikling, TSSN | 38 |
| Rammeområde 9 – Finansinntekter/finansutgifter | 40 |

Rådmannen har ordet

Stordal kommune er i omstilling på mange måtar.

I 2017 vart folketalet i Stordal kommune redusert med 33 personer, og ved utgangen av året var vi 972 stordalingar.

| Folkemengden i alt | 2013 | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 |
|--------------------|-------|-------|-------|-------|------|
| Stordal | 1 035 | 1 043 | 1 020 | 1 005 | 972 |
| Endr.frå foreg.år | | 8 | -23 | -15 | -33 |

Folketalet har hatt ei negativ utvikling dei siste 3 åra, og kommunen sine frie inntekter endrar seg i takt med folketaletsutviklinga. Det er krevjande å oppretthalde like gode kommunale tenester når vi stadig har mindre midlar til disposisjon. Dette krev omstilling på mange område, både i kommuneorganisasjonen og i lokalsamfunnet.

I kommuneorganisasjonen er det sett stort fokus på økonomi og budsjett disiplin. Det økonomiske resultatet for 2017 syner ei forbetring i høve til 2016, samstundes som vi utan tvil må fortsette arbeidet med å verte betre på dette området.

For kommunen betyr færre innbyggjarar også at færre bidreg til auka verdiskaping for kommunen og lokalsamfunnet elles. For Stordal kommune er det derfor særskilt viktig å legge til rette for omstilling og utvikling av næringslivet – enten det no gjeld etablering av nye bedrifter i kommunen eller utvikling av eksisterande selskap. I denne samanhengen spelar prosjektet «Vekst i Stordal» ei viktig rolle. Dette er ei viktig satsing for Stordal kommune som har fått avgjerande økonomisk støtte frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Prosjektet er nærare omtalt lenger bak i årsmeldinga.

Kommunen sine økonomiske ressursar er over tid redusert samstundes som krava til kommunale tenester aukar. Dette er ein motsetnad som gjer at arbeidet med kommunesamanslåing vert svært viktig framover. Samanslåing med Norddal kommune til Fjord kommune vil gi ei heilt nødvendig styrking av kommuneorganisasjonen for framtida. Samstundes vil Fjord kommune framleis vere ein liten kommune – ein kommune som i stor grad vil vere avhengig av interkommunale samarbeid for å fylle sitt ansvar på dei ulike fagområda.

I løpet av 2017 har arbeidet med kommunesamanslåing fått ein formell start gjennom vedtak i Stortinget og felles kommunestyremøte mellom Norddal og Stordal kommunar. Etter dette har dei to kommuneorganisasjonane sett i gang det praktiske arbeidet for å førebu etableringa av den nye kommunen.

Rådmannen vil rette ein stor takk til kommunen sine tilsette for jobben som vert gjort i alle deler av organisasjonen. Dei tilsette sin innsats utgjer ryggrada i kommunen si tenesteyting, og vert svært viktig for kommunen sitt omstillingsarbeid framover. Kommunen som lokal mynde samhandlar med ei rekkje aktørar - innbyggjarar, næringsliv, frivillige lag/organisasjonar, fylkeskommune, andre kommunar og statlege etatar. Takk til alle for eit godt samarbeid! Det er i dette samspelet at utvikling av kommunen og lokalsamfunnet skjer!

Politiske og administrative endringar i 2017

Det har vore fleire endringar i kommuneleiinga også i 2017.

- Ingvild Nergård Hattrem tok til i stillinga som assisterande rådmann frå 1. mai.

- Elin Amdam tok til i stillinga som økonomisjef frå 1.juli, etter at May Britt Haugen slutta 28.april.
- Trond Alstadsæter vart konstituert vidare i stillinga som teknisk sjef inntil organisasjonsmodell for ny kommune er klar.
- Marianne Nakken vart konstituert som rektor på Stordal skule frå januar. Seinare på året vart stillinga lyst ut og ho vart tilsett fast i stillinga frå 01.oktober.
- Kjetil Heggem vart tilsett i stilling som avdelingsleiar for Open omsorg (Felles leiar for butenesta og heimetenesta). Han tok til i stillinga i mars 2018.

Det har vore mange endringar i kommuneleiing/administrasjon dei siste åra. Organisasjonen har gjennom nyttilsetjingar fått tilført gode ressursar. Samstundes må ein også ta høgde for at det kan ta tid før alle er innarbeidd i sine nye roller. På kort sikt er det utfordrande når det vert så store endringar i leiargruppa/administrative stillingar. Samstundes har arbeidet med å førebu samanslåing mellom Norddal og Stordal kommunar starta. Dette er eit arbeid som etter kvart omfattar store delar av organisasjonen.

Kommunereform – samanslåing av Norddal og Stordal kommune

I 2017 gjekk arbeidet med kommunereforma inn i ein ny fase. 25.januar gjorde kommunestyret i Stordal slikt vedtak (KS 007/17):

«Stordal kommunestyre godkjenner intensjonsavtale av 13.12.2016 og vedtek samanslåing med Norddal kommune med verknad frå 01.01.2020. Dersom Norddal kommune gjer vedtak om ikkje å slå seg saman med Stordal, vil Stordal kommune halde fram som eiga, sjølvstendig kommune.»

8.juni gjorde Stortinget vedtak om samanslåing av Norddal og Stordal kommunar frå 01.01.2020. Vedtak var såleis i tråd med kommunane sine egne vedtak om samanslåing.

25.august vart det halde felles kommunestyremøte med Norddal kommune, der det formelt vart gjort vedtak om oppnemning av fellesnemnd for Fjord kommune, mandat med meir.

22.februar 2018 gjorde Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) vedtak om «Forskrift om samanslåing av Norddal kommune og Stordal kommune til Fjord kommune frå 01.01.2020.»

Vinteren 2017 – vår 2018 har fylkesmannen i Møre og Romsdal arbeidd med spørsmål om grensejustering for bygdene Norddal og Eidsdal samt Liabygda. 23.mars 2018 sende fylkesmannen si tilråding til KMD, der dei tilrår at bygdene Eidsdal og Norddal vert grensejustert og lagt til Stranda kommune. Vidare tilrår dei at Liabygda ikkje vert grensejustert over til nye Fjord kommune.

Kommunestyra i både Norddal og Stordal samt fellesnemnda for Fjord kommune har gitt uttale til spørsmål om grensejustering. Dei har rådd frå at bygdene Eidsdal og Norddal vert grensejustert til Stranda kommune og vore positive til ei eventuell grensejustering av Liabygda til Fjord kommune.

KMD skal behandle og gjere vedtak i saka om grensejustering før sommaren 2018.


Administrativt arbeid med kommunesamanslåing

Hausten 2017 tilsette fellesnemnda for Fjord kommune Hilde Dyrkorn som prosjektleiar for arbeid med samanslåing av Norddal og Stordal kommunar. I første omgang vart det oppnemnt 8 arbeidsgrupper med representantar frå begge kommunar, der tillitsvalde også er representert. 28.november vart det halde felles oppstartmøte med alle arbeidsgruppene, og arbeidet med kartlegging av organisasjonane i dei to kommunane kom i gang.

Arbeidet med å førebu ein samanslått organisasjon frå 01.01.2020 vil få større og større fokus, og vil krevje deltaking frå store delar av organisasjonen framover.

Stordal kommune – organisering

Politisk organisering



Stordal kommunestyre 2015 - 2019

Arbeiderpartiet

Eva Hove (ordfører)
Palma Flåen Øvrebust
John Helge Larsen
Magdalena Isvik
Martin Vos
Nina Iren Hauglid

Høyre

Jan Are Remme
Frode Færøy
Bjørn Ove Olsen
Kine Kvammen Tøsse
Claus Hoff

Senterpartiet

Kjersti Ruset Hjelle (varaordfører)
Lars Kristian Øvrebust

Framstegspartiet


Jonas Falch

Kristeleg Folkeparti

Roger Lillebø

Administrativ organisering

Det administrative organisasjonskartet ser slik ut:



Organisasjon og medarbeidarar

| Årsverk pr. sektor | | | | | | | | | |
|-----------------------|--------------|-------------|-------------|--------------|-------------|-------------|--------------|-------------|-------------|
| Sektor | 2017 | | | 2016 | | | 2015 | | |
| | Årsverk | Kvinner | Menn | Årsverk | Kvinner | Menn | Årsverk | Kvinner | Menn |
| Sentraladministrasjon | 9,8 | 65 % | 35 % | 10,1 | 64 % | 36 % | 10,1 | 64 % | 36 % |
| Oppvekst | 37,1 | 85 % | 15 % | 37,3 | 84 % | 16 % | 36,9 | 79 % | 21 % |
| Kultur | 3,4 | 71 % | 29 % | 3,4 | 71 % | 29 % | 3,4 | 71 % | 29 % |
| Helse | 5,9 | 100 % | 0 % | 6,2 | 100 % | 0 % | 6,9 | 100 % | 0 % |
| Pleie og omsorg | 38,3 | 93 % | 7 % | 43,0 | 92 % | 8 % | 46,4 | 93 % | 7 % |
| Tekniske tenester | 7,7 | 1 % | 99 % | 8,2 | 1 % | 99 % | 8,7 | 1 % | 99 % |
| Sum | 102,2 | 83 % | 17 % | 108,2 | 81 % | 19 % | 112,4 | 78 % | 22 % |

Hovedfokus personalområdet

På personalområdet har følgjande tema vore hovudfokus i 2017:

- Inkluderande arbeidsliv
- Arbeidsmiljøutval (AMU) - Helse, miljø og sikkerhet (HMS)

Inkluderande arbeidsliv

I 2014 etablerte Stordal ein samarbeidsavtale med NAV Arbeidslivssenter om eit meir inkluderande arbeidsliv (IA-arbeid). IA-avtalen inneber at Stordal kommune skal ha delmål innan satsingsområde som redusert sjukefråvær, personar med redusert funksjonsevne og auka avgangsalder.

Personar med redusert arbeidsevne

Ved hjelp av NAV Arbeidslivssenter ønskjer kommunen å legge til rette slik at tilsette med redusert funksjonsevne kan kome raskare attende i jobb. Vidare har kommunen i samarbeid med NAV hatt personar til utprøving av arbeids- og funksjonsevne.

Pensjon

I 2017 har 2 tilsette gått av med pensjon (alder/AFP).

Helse, miljø og sikkerheit (HMS)


Stordal kommune har som mål å vere ein arbeidsplass der medarbeidarane opplever arbeidet som helsefremmande, meningsfylt og trygt. Eit systematisk HMS-arbeid skal bidra til dette, og alle tilsette i Stordal kommune skal medverke til gjennomføring av tiltak som vert sett i verk.

Avvik vert brukt om forhold som ikkje samsvarar med krav i lover og forskrifter for HMS, instruksar og prosedyrar. Nødvendige tiltak skal setjast i verk ved registrert avvik for å hindre gjentaking.

Sjukefråvær

Kommunen ønskjer å redusere sjukefråværet. Samstundes vert det arbeidd førebyggjande med å redusere langtidssjukefråvær og hindre fråfall i arbeidslivet. Fråvær frå arbeidsplassen er eit komplekst felt som vert bestemt av mange ulike faktorar som påverkar kvarandre.

Sjuefråværet gjekk ned frå 9,6% i 2016 til 8,2% i 2017. Sjølv om utviklinga var positiv, er sjuefråværet i enkelte einingar fortsatt for høgt (særleg med bakgrunn i langtidssjuefråvær), og arbeidet med å auke nærvær vert fortsatt viktig framover.



Arbeidsmiljøutvalet (AMU) arbeider for å sikre eit forsvarleg arbeidsmiljø, og både arbeidsgjevar og arbeidstakar er representerte i utvalet. I 2017 var det arbeidstakersida som hadde leiarfunksjonen i AMU, og hovudverneombod var leiar for AMU dette året.

AMU hadde 3 møter i 2017. Bedriftshelseteneste (Stamina) møtte som rådgjevande organ i AMU.

Stordal kommune avslutta samarbeid med Stamina i 2017. Kommunen sa opp avtalen, med tanke på å ha ein gjennomgang av bedriftshelseavtalen med omsyn til pris og innhald.

Etter ei heilskapleg vurdering av leveransetilbod frå både Stamina og Medi3, vart Medi3 vald som ny leverandør for levering av bistand i det systematiske arbeidet med helse, miljø og sikkerhet, frå 01. januar 2018 til 01. januar 2020.

Verneombod er viktige medspelarar i arbeidet for at arbeidsmiljøet i organisasjonen stadig skal bli betre. To verneombod fekk delta grunnkurs i arbeidsmiljø. I tillegg fekk også to hovudtillitsvalde og ei plasstillitsvald moglegheit til å delta på same kurs.

For å kunne jobbe meir systematisk for eit godt arbeidsmiljø, har kommunen faste møtefora for både verneombod og tillitsvalde.

Hovudfokus innan HMS-arbeid i 2017 har vore opplæring i høve førebygging og handtering av vald og trussel på arbeidsplassen. I regi av Stamina vart det gjennomført kurs for tilsette innan helse og omsorg. Arbeidet vert fortsett i 2018 for dei andre tilsette i kommunen og då i regi av Medi3.

Likestilling

Stordal kommune sin lønspolitikk har som mål å stimulere til initiativ, auka ansvar, god bruk av ressursar og lik løn uavhengig av kjønn.

Vi legg vekt på:

- Rekruttere leiarar og personale med ønska kompetanse
- Gje løn for tilleggskompetanse som kommunen har bruk for
- Gje løn for utvida ansvar
- Verdsetjing av innsats/måloppnåing
- Fokus på moderate skilnader
- Lik løn for likt arbeid

Kommunen ønskjer å sikre like moglegheiter til sjølvutvikling, karriere og familieliv. Løn for likt arbeid skal være lik.

Innan dei typiske kvinneyrka slit vi med å rekruttere menn. Dette gjeld særleg innan pleie og omsorg og i barnehagen.

Etikk

Stordal kommune har eigne «Etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette». Alle nye tilsette og nyvalde politikarar vert gjort kjent med reglementet.

Kvalitet i arbeidet

Utvikling av samarbeid, støtte og rapporteringsrutinar på administrativt plan vil vere viktig framover. Stordal kommune må arbeide vidare med system, rutinar og reiskap som gjer at vi i fellesskap både kan leie godt, og utnytte dei tilgjengelege midlane på ein effektiv og best mogleg måte.

Hausten 2017 starta kommunen eit leiarutviklingsprogram, der tema har vore sjukefråversoppfølging og arbeidsrett. I tillegg til alle leiarar med personalansvar, har tillitsvalde og vernetenesta delteke i det same kurset.

Økonomi

Drift

Økonomisk oversikt drift syner

| | |
|-----------------------|-----------------|
| Brutto driftsresultat | kr. - 4 214 226 |
| Netto driftsresultat | kr. - 2 223 573 |

Investering

Økonomisk oversikt investering syner

| | |
|-----------------------------|-----------------------|
| Finansieringsbehov | <u>kr. 19.029 865</u> |
| Dette er finansiert slik: | |
| Bruk av lån | kr. 9 152 663 |
| Bruk av ubundne invest.fond | kr. 8 157 222 |
| Sal av aksjer og andeler | kr. 909 877 |

Økonomiske hovudtal

Nedanfor er det presentert nokre hovudtal frå Stordal kommune sin rekneskap for 2017

| Tal i heile 1000 | 2017 | 2016 |
|---|---------|---------|
| Sum driftsinntekter | 112 889 | 116 321 |
| -sum driftsutgifter | 117 103 | 120 707 |
| = Brutto driftsresultat | - 4 214 | - 4 386 |
| | | |
| Sum eksterne finansinntekter | 2 847 | 1 990 |
| -Sum eksterne finansutgifter | 7 612 | 7 524 |
| = Resultat eksterne finanstransaksjonar | - 4 765 | - 5 533 |
| | | |
| + Motpost avskrivningar | 6 755 | 6 481 |
| | | |
| = Netto driftsresultat | - 2 224 | - 3 438 |

Kommunen hadde eit negativ driftsresultat i 2017 på kr. -2.224', noko som er ei betring samanlikna med 2016 på kr. 3.438'.

| | Rekneskap 2017 | Reg. budsjett 2017 | Oppr.budsjett 2017 | Rekneskap 2016 |
|---|----------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------|
| Skatt på inntekt og formue | 21.128.897,29 | 20.423.000,00 | 20.423.000,00 | 20.380.370,69 |
| Ordinært rammetilskudd | 56.722.287,97 | 55.438.000,00 | 55.438.000,00 | 56.194.265,00 |
| Skatt på eiendom | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Andre direkte eller indirekte skatter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Andre generelle statstilskudd | 596.032,00 | 600.000,00 | 600.000,00 | 2.631.811,00 |
| Sum frie disponible inntekter | 78.447.217,26 | 76.461.000,00 | 76.461.000,00 | 79.206.446,69 |
| Renteinntekter og utbytte | 1.314.047,75 | 1.627.500,00 | 1.627.500,00 | 1.990.518,77 |
| Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 1.533.164,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Renteutg.,provisjoner og andre fin.utg. | 2.590.625,54 | 2.964.000,00 | 2.963.000,00 | 2.691.359,64 |
| Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler) | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avdrag på lån | 5.021.190,00 | 5.900.000,00 | 5.900.000,00 | 4.832.515,00 |
| Netto finansinnt./utg. | -4.764.603,79 | -7.236.500,00 | -7.235.500,00 | -5.533.355,87 |
| Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Til ubundne avsetninger | 2.336.515,25 | 2.457.000,00 | 2.457.000,00 | 797.375,60 |
| Til bundne avsetninger | 1.420.913,16 | 595.948,00 | 595.948,00 | 603.395,29 |
| Bruk av tidligere regnsk.m. mindreforbruk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av ubundne avsetninger | 5.436.269,45 | 5.452.000,00 | 2.957.000,00 | 2.749.711,20 |
| Bruk av bundne avsetninger | 2.913.634,03 | 280.454,00 | 280.454,00 | 2.088.985,25 |
| Netto avsetninger | 4.592.475,07 | 2.679.506,00 | 184.506,00 | 3.437.925,56 |
| Overført til investeringsregnskapet | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Til fordeling drift | 78.537.284,22 | 71.904.006,00 | 69.410.006,00 | 77.111.016,38 |
| Sum fordelt til drift (fra skjema 1B) | 75.906.186,38 | 71.904.006,00 | 69.410.006,00 | 77.111.076,38 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | 2.368. 902,16 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |

Rekneskapsskjema 1B - drift

| | | | | |
|--|----------------------|----------------------|----------------------|----------------------|
| Ro.1 – Sentraladministrasjon / Felles tenester | 12 150 487,97 | 11 848 750,00 | 11 233 750,00 | 12 348 169,00 |
| Ro.2 – Oppvekst og kultur | 24 652 547,42 | 23 695 000,00 | 23 695 000,00 | 23 774 652,00 |
| Ro.3 – Helse, pleie og omsorg | 32 413 361,40 | 29 562 500,00 | 27 682 500,00 | 31 484 400,00 |
| Ro.6 – Tekniske tenester | 3 375 015,55 | 4 700 000,00 | 4 700 000,00 | 5 125 883,00 |
| Ro. 9 - Finans | 3 314 774,04 | 2 097 756,00 | 3 152 750,00 | 4 377 912,00 |
| Sum frie disponible inntekter | 75 906 186,38 | 71 904 006,00 | 69 410 006,00 | 77 111 016,00 |

| | Regnskap 2017 | Reg. budsjett 2017 | Oppr.budsjett 2017 | Regnskap 2016 |
|--|----------------------|-----------------------|-----------------------|----------------------|
| Rekneskapsskjema 2A - investering | | | | |
| Inntekter | | | | |
| Salg av driftsmidler og fast eiendom | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Andre salgsinntekter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Overføringer med krav til motytelse | 100.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Kompensasjon for merverdiavgift | 709.205,31 | 3.500.000,00 | 3.500.000,00 | 1.320.586,13 |
| Statlige overføringer | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Andre overføringer | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Renteinntekter og utbytte | 897,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Sum inntekter | 810.102,31 | 3.500.000,00 | 3.500.000,00 | 1.320.586,13 |
| Utgifter | | | | |
| Lønnsutgifter | 35.369,12 | 0,00 | 0,00 | 44.259,94 |
| Sosiale utgifter | 4.939,76 | 0,00 | 0,00 | 7.955,82 |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 14.561.164,63 | 65.734.191,00 | 65.734.191,00 | 7.603.287,62 |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Overføringer | 959.205,31 | 250.000,00 | 250.000,00 | 1.469.728,13 |
| Renteutgifter og omkostninger | 172,21 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Fordelte utgifter | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Sum utgifter | 15.560.851,03 | 65.984.191,00 | 65.984.191,00 | 9.125.231,51 |
| Finansransaksjoner | | | | |
| Avdrag på lån | 305.174,00 | 399.200,00 | 399.200,00 | 294.512,00 |
| Utlån | 2.110.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Kjøp av aksjer og andeler | 349.137,00 | 0,00 | 0,00 | 652.220,00 |
| Dekning av tidligere års udekket | 100.000,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Avsatt til ubundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 5.621.000,00 |
| Avsatt til bundne investeringsfond | 604.703,01 | 0,00 | 0,00 | 816.241,43 |
| Sum finansieringsransaksjoner | 3.469.014,01 | 399.200,00 | 399.200,00 | 7.383.973,43 |
| Finansieringsbehov | 18.219.762,73 | 62.883.391,00 | 62.883.391,00 | 15.188.618,81 |
| Dekket slik: | | | | |
| Bruk av lån | 9.152.663,45 | 36.820.304,00 | 36.820.304,00 | 4.022.479,09 |
| Salg av aksjer og andeler | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Mottatte avdrag på utlån | 909.877,01 | 150.000,00 | 150.000,00 | 1.110.724,72 |
| Overført fra driftsregnskapet | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av tidligere års udisponert | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 5.621.000,00 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 440.415,00 |
| Bruk av bundne driftsfond | 16.933,44 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Bruk av ubundne investeringsfond | 8.140.288,83 | 25.913.087,00 | 25.913.087,00 | 3.894.000,00 |
| Bruk av bundne investeringsfond | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Sum finansiering | 18.219.762,73 | 62.883.391,00 | 62.883.391,00 | 15.088.618,81 |
| Udekket/udisponert | 0,00 | 0,00 | 0,00 | -100.000,00 |

Rekneskapsskjema 2B - investering

Spesifikasjon pr. investeringsprosjekt

| | | | | |
|---|----------------------|----------------------|----------------------|---------------------|
| IT/data | 222 624,00 | 300 000,00 | 300 000,00 | 0,00 |
| Prosjektering barnehage Griggås | 817 113,29 | 29 431 964,00 | 29 431 964,00 | 508 970,87 |
| Tilbygg Stordalshallen | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 68 238,00 |
| Dagsenter | 142 892,49 | 302 806,00 | 302 806,00 | 2 372 243,51 |
| Ressursstyringsprogram | 192 551,64 | 0,00 | 0,00 | 0,00 |
| Vatn/avløp Øvre Stordal | 837 535,23 | 4 376 534,00 | 4 376 534,00 | 1 650 870,81 |
| Kloakkrensseanlegg Stordal sentrum | 0,00 | 6 379 742,00 | 6 379 742,00 | 137 481,81 |
| Overtaking vassverk | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 25 728,36 |
| Vassverk investering | 56 712,80 | 3 845 990,00 | 3 845 990,00 | 0,00 |
| Veg Moe - Overøye | 0,00 | 147 931,00 | 147 931,00 | 102 500,00 |
| Turløype Almås - Overøye | 93 405,33 | 124 595,00 | 124 595,00 | 655 204,30 |
| Ventilasjon rådhuset | 140 230,40 | 237 836,00 | 237 836,00 | 2 219 735,54 |
| Parkeringsplass Overøye | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 252 600,70 |
| Griggåsrbøbbane - grunnkjøp | 10 360 925,50 | 10 486 793,00 | 10 486 793,00 | 521 349,23 |
| Griggåsrbøbbane – teknisk anlegg | 2 446 860,35 | 8 000 000,00 | 8 000 000,00 | 399 963,38 |
| Naudstraumsaggregat skule/idrettshall | 0,00 | 500 000,00 | 500 000,00 | 0,00 |
| Bygg for oppbev.av avfall skule/stordalstunet | 0,00 | 600 000,00 | 600 000,00 | 0,00 |
| Utstyr teknisk etat | 0,00 | 0,00 | 0,00 | 210 345,00 |
| Veg Øvre Dyrkorn | 0,00 | 1 000 000,00 | 0,00 | 0,00 |
| Stordal kyrkje – lagerbygg | 250 000,00 | 250 000,00 | 0,00 | 0,00 |
| Årets finansieringsbehov | 15 560 851,03 | 65 984 191,00 | 65 984 191,00 | 9 125 231,51 |

Spesifikasjon av inntekts- og utgiftsartar for Stordal kommune sin rekneskap 2017

| Spesifikasjon av inntekter drift (1000 kr) | | Rekneskap 2017 | Buds.(endr.) 2017 | Budsjett 2017 | Rekneskap 2016 |
|---|-------------------------|-------------------|----------------------|------------------|-------------------|
| 16 | Salsinntekter | -13 839 | - 15 257 | -15 855 | -14 569 |
| 17 | Refusjonar og internsal | -19 043 | -13 405 | -12 820 | -18 942 |
| 18 | Overføringsinntekter | -80 007 | -76 511 | -76 536 | -82 810 |
| 19 | Finansinntekter | -2 847 | -1 627 | -1 627 | -1 991 |
| | Sum inntekter | -115 736 | -106 800 | - 106 839 | -118 312 |

| Spesifikasjon av utgifter drift (1000 kr) | | Rekneskap 2017 | Buds.(endr.) 2017 | Budsjett 2017 | Rekneskap 2016 |
|--|------------------------------------|-------------------|----------------------|------------------|-------------------|
| 10 | Løn og sosiale utgifter | 81 410 | 70 369 | 68 809 | 81 910 |
| 11/12 | Kjøp av varer, tenester,utstyr | 12 960 | 12 472 | 12 395 | 14 665 |
| 13 | Kjøp av tenester – u/komm.eigenpr. | 9 330 | 9 906 | 9 175 | 8 368 |
| 14 | Overføringsutgifter | 6 648 | 6 197 | 6 111 | 9 283 |
| 15 | Finansutgifter | 7 612 | 8 864 | 8 863 | 7 524 |
| | Sum utgifter | 117 960 | 107 808 | 105 353 | 121 750 |

Nøkkeltal

| | 2017 | % | 2016 | % |
|------------------------|-------------|-------|-------------|-------|
| Brutto driftsinntekter | 112 889 070 | | 116 321 388 | |
| Brutto driftsresultat | -4 214 226 | -3,7% | -4 386 116 | -3,8% |
| Netto driftsresultat | --2 223 573 | -2,0% | -3 437 926 | -3,0% |

Negativt brutto driftsresultat inneber at utgiftene i drifta er høgare enn driftsinntektene. For ikkje å få underskot i driftsrekneskapen må ein då nytte oppsparte midlar frå tidlegare overskot.

Netto driftsresultat vert sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen i kommunane, og syner over-/underskotet i kommunen si drift. Netto driftsresultat syner på den måten kor stor del av inntekta som er igjen til disposisjon, eller som må bli dekkja av oppsparte midlar.

Teknisk berekningsutval (TBU) tilrår at netto driftsresultat for kommunane bør utgjere om lag 1,75%, noko som Stordal kommune har oppgitt som måltal i sitt budsjettokument. Ein ser det som vanskeleg å auke inntektene på noverande tidspunkt, og difor må utgiftene ytterligere reduserast for å oppnå målalet.

Rekneskap per KOSTRA-funksjon

Nedanfor følgjer eit rekneskapsoppsett som er basert på registrerte Kostra-kodar. Dette er innrapportert til SSB, og dannar kommunen sitt grunnlag i alle Kostra-rapporteringer.

Stordal kommune 2017 – Rapportering pr. Kostra funksjon

| | Regnskap 2017 | Buds(end) 2017 | Regnskap 2016 |
|--|------------------|-------------------|------------------|
| 100 POLITISK STYRING | 1.177.040 | 2.273.800 | 1.374.219 |
| 110 KONTROLL OG REVISJON | 567.661 | 156.200 | 528.903 |
| 120 ADMINISTRASJON | 5.652.213 | 5.559.050 | 6.872.888 |
| 130 ADMINISTRASJONSLOKALER | 350.870 | 213.900 | 364.820 |
| 170 ÅRETS PREMIEAVVIK | 449.942 | 0 | -99.757 |
| 180 DIVERSE FELLESUTGIFTER | 2.822.633 | 1.266.900 | 3.337.839 |
| 190 INTERNE SERVICEENHETER | 0 | 2.907.100 | -0 |
| 201 FØRSKOLE | 6.426.541 | 5.260.000 | 5.863.233 |
| 202 GRUNNSKOLE | 14.565.491 | 14.524.000 | 14.533.544 |
| 211 STYRKET TILBUD TIL FØRSKOLEBARN | 858.295 | 924.200 | 903.230 |
| 213 VOKSENOPPLÆRING | 45.540 | 66.800 | 26.369 |
| 215 SKOLEFRITIDSTILBUD | 574.481 | 604.100 | 451.756 |
| 221 FØRSKULELOKALER OG SKYSS | 78.900 | 0 | 80.084 |
| 222 SKULELOKALER | 1.244.129 | 500 | 1.230.215 |
| 223 SKULESKYSS | 0 | 0 | 221.201 |
| 231 AKTIVITETSTILBUD BARN OG UNGE | 136.976 | 92.300 | 146.442 |
| 232 FOREBYGGING - SKOLE OG HELSESTASJONSTJENESTE | 485.840 | 613.700 | 495.367 |
| 233 ANNA FOREBYGGENDE HELSEARBEID | 133.677 | 229.100 | 66.921 |
| 234 AKTIVISERING OG STØTTETJENESTER OVERFOR ELDRE | 2.402.208 | 2.155.300 | 1.997.420 |
| 241 DIAGNOSE, BEHANDLING, RE-/HABILITERING | 3.954.687 | 4.008.700 | 3.760.683 |
| 242 RÅD, VEILEDNING OG SOSIAL FOREBYGGENDE ARBEID | 817.942 | 700.750 | 641.382 |
| 244 BARNEVERN TJENESTE | 411.423 | 925.000 | 576.527 |
| 251 BARNEVERN TILTAK når barnet ikkje er plassert av barnevern | 50.722 | 250.000 | 75.368 |
| 252 BARNEVERN TILTAK når barnet er plassert av barnevernet | -3.575 | 10.000 | 2.544 |
| 253 Helse- og omsorgstjenester i institusjon | 13.442.419 | 11.242.250 | 13.145.953 |

| | Regnskap 2017 | Buds(end) 2017 | Regnskap 2016 |
|--|------------------|-------------------|------------------|
| 254 Helse- og omsorgstjenestertil heimebuande | 8.842.319 | 8.437.600 | 9.976.183 |
| 261 INSTITUSJONSLOKALER | 1.480.084 | 16.000 | 1.310.292 |
| 265 KOMMUNALT DISPONERTE BOLIGAR | 276.423 | -899.500 | -532.511 |
| 273 Arbeidsrettede tiltak i kommunal regi | 156.000 | 158.000 | 156.000 |
| 276 KVALIFISERINGSordningen | 182.004 | 176.700 | 129.237 |
| 281 Ytelse til livsopphald | 560.257 | 410.000 | 402.925 |
| 283 BISTAND TIL ETABLERING OG OPPRETTHOLDELSE AV EG | -57.759 | -95.000 | -216.212 |
| 285 TJENESTER UTENFOR ORDINÆRT KOMMUNALT ANSVARS | 25.000 | 25.000 | 26.028 |
| 301 PLANSAKSBEHANDLING | 76.460 | 14.000 | 31.586 |
| 302 BYGGEsaksbehandling og eierseksjonering | 316.047 | 359.700 | 249.583 |
| 303 KART OG OPPMÅLING | 610.151 | 708.750 | 87.849 |
| 304 Bygge- og delesaksbehandling,ansvarsrett og utslippstillatel | 335 | 0 | 2.487 |
| 315 BOLIGBYGGING OG FYSISKE BOMILJØTILTAK | 703.997 | 7.339.900 | 688.682 |
| 320 KOMMUNAL NÆRINGSVIRKSOMHET | 2.114 | 0 | 24.940 |
| 325 TILRETTELEGGING OG BISTAND FOR NÆRINGSLIVET | 471.119 | 379.000 | 474.512 |
| 329 LANDBRUKSFORVALTNING OG LANDBRUKSBASERT NÆR | 451.692 | 482.000 | 471.562 |
| 330 SAMFERDSELSBEDRIFTER/TRANSPORTTILTAK | 112.049 | 93.000 | 200.548 |
| 332 Kommunale vegar | 2.284.973 | 1.240.000 | 2.594.318 |
| 335 REKREASJON I TETTSTED | 230.560 | 32.000 | 275.878 |
| 338 FOREBYGGING AV BRANNER OG ANDRE ULYKKER | -33.858 | -4.250 | 81.628 |
| 339 BEREDSKAP MOT BRANNER OG ANDRE ULYKKER | 1.585.569 | 1.233.600 | 1.824.377 |
| 340 PRODUKSJON AV VANN | 1.126.464 | 588.042 | 1.098.750 |
| 345 DISTRIBUSJON AV VANN | -1.758.670 | -152.042 | -892.210 |
| 350 AVLØPSRENSING | 921.561 | 920.031 | 1.371.421 |
| 353 AVLØPSNETT/INNSAMLING AV AVLØPSVANN | -1.501.905 | -1.350.031 | -1.800.119 |
| 354 TØMMING AV SLAMAVSKILLERE, SEPTIKTANKER O.L. | 10.251 | -25.000 | -16.904 |
| 355 INNSAMLING,gjennvinning og sluttbehandling av husholdnin | 1.587 | -25.000 | 419.663 |
| 360 NATURFORVALTNING OG FRILUFTSLIV | 400.240 | 150.000 | 186.584 |
| 365 KULTURMINNEVERN | 0 | 0 | 192 |
| 370 BIBLIOTEK | 405.630 | 400.000 | 401.500 |
| 380 IDRETT OG TILSKUDD TIL ANDRES IDRETTSANLEGG | 140.878 | 0 | 157.878 |
| 381 KOMMUNALE IDRETTSBYGG OG IDRETTSANLEGG | 148.785 | 2.000 | 220.337 |
| 383 MUSIKK- OG KULTURSKULER | 438.937 | 405.100 | 456.640 |
| 385 ANDRE KULTURAKTIVITETER OG TISKOT TIL ANDRES KUL | 738.056 | 732.000 | 701.240 |
| 386 KOMMUNALE KULTURBYGG | 0 | 0 | 3.417 |
| 390 DEN NORSKE KIRKE | 1.132.371 | 3.199.250 | 1.179.136 |
| 392 Tilskudd til tros- og livssynssamfunn | 47.460 | 44.000 | 59.396 |
| 393 GRAVLUNDER OG KREMATORIER | 0 | 0 | 1.500 |
| 800 SKATT PÅ INNTEKT OG FORMUE | -21.128.897 | -20.423.000 | -20.380.371 |
| 840 STATLIG RAMMETILSKOT OG ØVRIGE GENERELLE STATST | -57.318.320 | -56.038.000 | -56.892.939 |
| 860 MOTPOST AVSKRIVNINGER | -7.311.114 | -7.000.000 | -6.956.907 |
| 870 RENTER/UTBYTTE OG LÅN (innlån/utlån) | 6.583.806 | 9.934.500 | 6.064.787 |
| 880 INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER | -367.608 | -5.452.000 | -240.033 |
| 899 ÅRETS REGNSKAPSMESSIGE MEIRFORBRUK/MINDREFOR | 2.368.901 | 0 | 0 |
| TOTALT | -0 | 0 | 0 |

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen / Felles tenester

Omhandler følgende tenestekområde:

- Politisk styring og kontrollorgan
- Rådmann, økonomi, personal og lønn, IKT, servicekontor
- Kommunale bygg
- Forsikringer
- Vekstkommuneprosjekt
- Interkommunal samarbeid/tilskot til andre

| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
|------|-----------------------|------------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 11 535 490 | 11 848 750 | 97 % | 9,8 | 65 % | 35 % | 1,8 % |
| 2016 | 12 348 169 | 11 724 200 | 105 % | 10,1 | 64 % | 36 % | 1,7 % |
| 2015 | 13 187 597 | 12 136 000 | 109 % | 10,1 | 64 % | 36 % | 1,3 % |

Driftsrekneskapen for 2017 syner eit mindreforbruk på kr. 313.260. Det har vore mindre overskriddingar på både økonomiavdeling, rådmannskontoret, servicekontoret og IT/data, medan fellestenester og politisk har gjort at rammeområdet totalt sett har eit mindreforbruk.

På fleire ansvarsområder er det overskridding som følgje av aukande krav til digitale løysingar. Det er krevjande for ei lita kommune å halde følgje med den digitale utviklinga, særleg med tanke på utgifter knytt til digital infrastruktur, programvare og lisensar.

Politisk styring - statistikk og tal på dokument

| Statistikk og tal på dokument | 2017 | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|-------------------------------|-------------|-------------|-------------|-------------|-------------|
| Inngående dokument | 3083 | 3123 | 3761 | 3772 | 3773 |
| Utgåande dokument | 1336 | 1439 | 1816 | 1981 | 1648 |
| Interne notat | 1180 | 665 | 1026 | 950 | 724 |
| Sum | 5599 | 5227 | 6603 | 6703 | 6145 |

Statistikk og tal på saker og møte

| Utval | 2017 | | 2016 | |
|------------------------|-----------|------------|-----------|------------|
| | Møter | Saker | Møter | Saker |
| Formannskapet | 13 | 63 | 12 | 93 |
| Kommunestyret | 10 | 76 | 10 | 113 |
| Kontrollutvalet | 2 | 7 | 4 | 15 |
| Arbeidsmiljøutvalet | 3 | 20 | 2 | 20 |
| Eldrerådet | 4 | 8 | 5 | 14 |
| RFUN | 3 | 6 | 2 | 7 |
| Stordal Ungdomsråd | 3 | 11 | 4 | 16 |
| Forhandlingsutval | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Røystestyret | 3 | 3 | 1 | 1 |
| Partssamansett utval | 1 | 1 | 1 | 1 |
| Andre utval | 28 | 133 | 40 | 90 |
| Sum møter/saker | 71 | 329 | 82 | 371 |

Vekst i Stordal

Stordal kommune har etablert eit eige prosjekt for omstilling i næringslivet: Vekst i Stordal (ViS). Målet er å medverke til 75 nye arbeidsplassar i prosjektperioden. Prosjektet er i utgangspunktet fireårig med start i 2014, og er finansiert med midlar frå Møre og Romsdal fylkeskommune (50%), RDA-midlar utgjør andel frå lokalt næringsliv (25%) og Stordal kommune (25%). Prosjektet har i utgangspunktet ei årleg ramme på 2 millionar kroner, men har både i 2016 og 2017 hatt ei auka ramme etter tilleggsøyving frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

5. september 2017 gjorde Regional og næringsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune vedtak om å tildele Stordal kommune eit tilskot på 2 mill. kroner frå dei regionale utviklingsmidlane til forlenging av prosjektet Vekst i Stordal ut 2018. Stordal kommunestyre har vedtatt at prosjektet skal vidareførast i si noverande form til og med 2018.

Leiinga av prosjektet er uendra, med Harald Espeland som prosjektleiar og Olav Bratland som styreleiar. I 2017 hadde styringsgruppa 7 møter og handsama 59 saker.

Vekst i Stordal sine overordna strategiar er:

- Tiltaka til ViS vil i hovudsak byggje på kvalitetane Stordal og næringslivet har frå før
- Prioritere tiltak som koplar fleire verksemder saman og som kan gi direkte og indirekte sysselsettingseffekt hos fleire verksemder på ein gong
- Vektlegge konkrete resultat. ViS skal ha fokus på arbeidsplassar og næringsutvikling - ikkje stadutvikling med diffus næringsgevinst

Satsingsområde for ViS:

- Næringsmiddel/mat
- Opplevingar/reiseliv
- Forbrukarprodukt
- Bygg- og anlegg
- Anna

I prosjektperioden har Stordal kommune lagt handsaming av alle næringsutviklingmidlar, inkludert kommunalt næringsfond, til styringsgruppa i prosjektet for å sikre ei heilskapleg nærings-satsing og forvaltning. I 2017 gav ViS 8 tilsegn til ulike verksemder med totalt støttebeløp på kr 1.161.000.

Det er stor aktivitet i prosjektet og spennande næringsutviklingsarbeid er i gang – både nyskapande aktivitet i eksisterande næringsliv og nyetableringar. I februar 2017 var det lansering av den første hytta frå inStordal. Norinsect AS har hatt ei spennande år med vidare utviklingsarbeid, oppgradering av lokala i Stordal næringsbygg og oppskalering av produksjonen.

I mai fekk Stordal Aquaproduksjon AS konsesjon til å etablere klekkeri, yngel og settefiskanlegg på land. Anlegget er planlagt inn i eksisterande industrilokale – både Helland- og Pedrobygget. Hausten 2017 vart det derfor sett i gang undersøkingar kring grunnvassressursane for både ferskvatn og sjøvatn. Vekst i Stordal har hatt ei tett oppfølging av undersøkingane og praktisk tilrettelegging av dette arbeidet.

Oppdrettssatsinga i Stordal tar mål av seg til å dekke heile verdikjeda frå rogn til matbord. Norsk Sjømat er ein av aksjeeigarane i Stordal Aquaproduksjon, og søkte om oppdrettskonsesjon i sjø i form av utviklingskonsesjonar og visningskonsesjon. Fiskeridirektoratet gav avslag på søknad om både

utviklingskonsesjon og visningskonsesjon. Avslaga vart påklaga. Søknad om utviklingskonsesjon fekk endeleg avslag våren 2018, medan klage på visningskonsesjon framleis ikkje er avklara.

Fiskeriminister Per Sandberg besøkte Stordal i juni, og fekk ei grundig innføring i arbeidet som skjer i regi av Vekst i Stordal, både det som gjeld oppdrettssatsing, men også anna utviklingsarbeid. Mellom anna fekk statsråden og alle andre ei innføring i Lotics si satsing på aquaponi. Ein produksjon som kort fortalt er ein symbiose mellom fiskeoppdrett og grønnsakproduksjon. Pilotanlegget som Lotics har etablert i Hellandbygget, vart offisielt opna av statsråd Sandberg.

Det skjer mykje positivt knytt til reiseliv og turisme i Stordal. Mange verksemder og organisasjonar har turistar som ei viktig målgruppe. Reiseliv er eit av satsingsområda til Vekst i Stordal, og 31.oktober vart det arrangert folkemøte for å setje ytterlegare fokus på reiseliv og turistnæring som ei lokal utviklingsmoglegheit.

Ut over dette har Vekst i Stordal tett og god dialog med eksisterande næringsliv. Fleire nyttar prosjektleiar i ViS som ein ressurs/sparringpartner i sitt utviklingsarbeid.



Fiskeriministeren ser på Lotics si satsing på aquaponi

Rammeområde 2 Oppvekst og kultur

Omhandlar følgjande tenesteområde:

- Fellesansvar oppvekst og kulturadministrasjon
- Barnehage
- Grunnskule, skulefritidsordning,
- Musikk- og kulturskule
- Vaksenopplæring
- Folkehelsekoordinator, kulturkafe
- Frivilligsentral
- Bibliotek
- Stordalshallen
- Ungdomsklubben, ungdomsråd

Status for rammeområde 2 – oppvekst og kultur

| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
|------|-----------------------|------------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 24 652 547 | 23 695 000 | 104 % | 40,5 | 84 % | 16 % | 13,6 % |
| 2016 | 23 774 652 | 24 222 500 | 98 % | 40,7 | 83 % | 17 % | 8,7 % |
| 2015 | 25 417 740 | 25 044 000 | 101 % | 40,3 | 78 % | 22 % | 9,0 % |

Samanlikna med revidert budsjett, syner driftsrekneskapen for 2017 eit meirforbruk innan rammeområde 2 på kr. 957.547.

Kultureiningane er innanfor budsjett, og har eit forbruk på 98% i 2017. Oppvekst har eit meirforbruk på 6%, dette utgjer i overkant av 1,4 mill.kroner. Barnehagen har ei overskriding på ca. 1.150.000, og grunnskulen har eit meirforbruk på om lag 500.000.

Barnehagen har hatt sterkt synkende barnetal dei seinare åra, og personalressursane er ikkje justert tilsvarende. Det er gjort tiltak i løpet av 1.kvartal 2018, men på grunn av lange oppseiingstider er det ikkje venta at dette får noko effekt før hausten 2018.

Oppvekst

| Oppvekst | | | | | | | |
|----------|-----------------------|------------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 23 368 515 | 21 952 000 | 106 % | 37,1 | 85 % | 15 % | 10,2 % |
| 2016 | 23 021 800 | 23 452 500 | 98 % | 37,3 | 84 % | 16 % | 6,0 % |
| 2015 | 24 154 007 | 23 666 000 | 102 % | 36,9 | 79 % | 21 % | 6,9 % |

Sektoren oppvekst har eit meirforbruk på 1.416.515 i 2017, og dette skuldast at barnehagen (1.153) og grunnskulen (508) har hatt overskriding på sine budsjett. Dei andre einingane innan sektoren har halde seg innanfor budsjett.

Andershaugen barnehage

Drift- og tenesteåret 2017

Andershaugen barnehage hadde 17 tilsette i 2017 inkludert reinhaldar. Dette utgjer totalt 13,8 årsverk, der 0,5 gjeld reinhald og 1,1 årsverk er administrativ ressurser. Det er 12,2 årsverk knytt til pass og stell av barna. Alle dei 4 pedagogiske leiarane har godkjent utdanning, og vi har 6 assistentar med fagbrev eller tilsvarende utdanning.

Barnehageåret 2017/2018 har vi totalt 33 barn i barnehagen, mot 38 barn forrige barnehageår. Av dette er 4 barn i aldersgruppa 3 år og yngre. Alderssamansetjinga pr. desember 2017 er slik:

| Født år | Antal barn |
|---------|------------|
| 2012 | 16 |
| 2013 | 7 |
| 2014 | 6 |
| 2015 | 2 |
| 2015 | 2 |

Våren 2018 er det 16 barn som skal over i skulen. Dette betyr at barnetalet vil endre seg mykje for komande barnehageår, og dette medfører endringar i bemanninga i barnehagen. Kommunen har i løpet av 1.kvartal 2018 gjennomført ein nedbemanningsprosess, der det er snakk om både overflytting til annan jobb og oppseiingar.

Frå hausten 2016 vart ein av pedagogane våre sett inn i ei spesialpedagogrolle i 60 %. Dette har vore veldig verdifullt for barnehagen. Vi har auka tal på barn som treng, og har rett på, spesialpedagogisk hjelp i større eller mindre grad. Dette arbeidet er ressurskrevjande med tanke på planlegging, gjennomføring, rapportering samt samarbeid med foreldre og andre faginstansar.

Rekneskapan for 2017 viser eit meirforbruk på eininga på 1.153.068, noko som skuldast minkande barnetal og at personalressursane ikkje er tilpassa driftsnivået.

Grunnskulen

Dei siste åra har elevtalet ved skulen gått betrakteleg nedover, og det vil det forsette å gjere framover. Klassestorleiken varierer frå 6 til 20 elevar, og gjennomsnittet pr. klasse ligg på 13,4 elevar. På grunn av desse variasjonane har det blitt samanslåing av klasser med få elevar i nokre fag på barnesteget, men undervisninga i norsk, matematikk og engelsk er skjerma. Ved organisering av klassesamanslåing blir det teke omsyn til både det pedagogiske og klassestorleik.

| Skuleår | Elevtal | | Barn i SFO | Elevar m/skyss | Elevar m/norsk 2 | Årsverk | | Lærartimar undervisn. | |
|-----------|----------|---------|------------|----------------|------------------|--------------|-----------|-----------------------|-------|
| | 1.-7.kl. | 8-10.kl | | | | adm. lærarar | assistent | | |
| 2017-2018 | 85 | 49 | 16 | 28 | 10 | 1,6 | 15,4 | 1,1 | 9356 |
| 2016-2017 | 92 | 53 | 21 | 28 | 6 | 1,6 | 17,8 | 0,96 | 9950 |
| 2015-2016 | 106 | 55 | 29 | 34 | 4 | 1,4 | 17,1 | 0,99 | 10269 |
| 2014-2015 | 114 | 53 | 40 | 36 | 4 | 1,3 | 16,7 | 0,97 | 9974 |

Tal henta frå grunnskulens informasjonssystem. Årsverk lærarar omfattar både undervisning og andre oppgåver

Brukarane

Også dette skuleåret har det vore sett fokus på den nasjonale satsinga UIU- Ungdomstrinnet i utvikling. Områda det er arbeidd med dette skuleåret er rekning i alle fag. Satsinga vart nasjonalt avslutta ved årsskifte, men Stordal skule utvida satsinga ut skuleåret. Dette for best muleg å implementere rekning i alle fag, men også å få implementert metodikken/ verktya skulen har nytta gjennom satsinga.

Andre satsingsområder ved Stordal skule dette skuleåret er elevtrivsel og det psykososiale skulemiljøet. Vi erfarer at dette er eit arbeid som vi må bruke meir og meir tid til. Gode samarbeidspartnarar i dette arbeidet er PPT, barnevern, helsesøster, politikontakta i kommunen og psykiatrisk sjukepleiar.

Frå skulestart av hadde skulen eit samarbeid med PPT der førebyggjande arbeid med elevtrivsel og det psykososiale miljøet ved skulen har vore tema. Mellom anna hadde PPT innføringskurs for lærarane på ungdomssteget på metoden psykologisk førstehjelp. Psykologisk førstehjelp er eit sjølvhjelpsverktøy for å meistre eigne kjensler. Med raude og grønne tankar lærer barn å framsnakke seg sjølv. Barn treng rettleiing for å forstå kva kjensler dei skal lytte til, og kva som er overdrivne kjensler. Sjølv små barn kan lett forstå skilnaden mellom raude og grønne tankar, men trenger hjelp til å snu ein negativ spiral med mange raude tankar. Raude tankar er negative og vonde tankar. Grønne tankar er tankar som er hjelpsame, og som skaper meir glede og trivsel. Oftast må ein jobbe for å finne fram dei grønne tankane, og jobbe enda meir for å gi dei makt og handle i tråd med dei. Småskulen starta arbeide med denne metoden på vårparten førre skuleår, medan mellomsteget har kome på bana etter kvart. Dette verktøyet vert nytta periodevis heile skuleåret.

Ungdomssteget har utarbeidd ein plan over arbeid/tiltak som skal vere med på å skape gode relasjonar og god elevtrivsel for elevane. I tillegg har heile skulen hatt stort fokus på høfleg språkbruk/ oppførsel og positivt engasjement.

Det er også svært positivt at skulen frå hausten av har hatt Leikepatrulje for elevar i 1.-7. klasse. Leikepatruljen har som mål å få barn til å bevege seg meir i løpet av skuledagen gjennom leik i friminutta, men vi ser også ein stor gevinst i dette som eit førebyggjande tiltak med tanke på det psykososiale miljøet ved skulen. Kort fortalt så er det slik at dei eldre elvane vert utdanna til leikepatruljeleiarar på ein kursdag, denne var i Stordalshallen tidleg haust. Tilbake på skulen skal leikepatruljeleiarane fungere som forbilde for dei yngre elevane og inspirere elevar til å setje i gong leikeaktivitetar. Leikepatruljen er dermed også med på å skape sosiale relasjonar på tvers av alder, kjønn og sosiale forhold.



Leikepatruljen med kurs i Stordalshallen

Frå 1. august 2017 er opplæringslova endra for å sikre at elevar som ikkje har det trygt og godt på skolen skal få rask og god hjelp. §9A gjeld for alle elevar i offentlege skular og friskular, grunnskular og vidaregåande skular, samt på SFO og leksehjelp. Dei har rett til eit trygt og godt læringsmiljø. Om eleven ikkje opplever det slik, kan han/ho seie frå til ein tilsett ved skolen, og då har skulen plikt til å gjere noko med det. Det er eleven si oppleving som skal ligge til grunn for skulen si handlingsplikt. I haust samarbeidde skule og PPT omkring arbeidet med endringane i §9A, både med sjølve lovendringane, men også med tanke på førebygging tiltak og kva ein bør sjå etter/ vere på vakt med i elevgruppa, samt fokus på å skape gode arenaer for leik og relasjonsbygging.

Medarbeidarar

Sjukefråveret har vore forholdsvis stort pga. langtidssjukmeldingar. Vi har vore heldige og fått tak i flinke vikarar utanfrå. Desse har vore nytta både som assistentar i skulen, men og som lærarar. Det har likevel blitt lagt ekstra arbeid på dei tilsette, og noko omorganiseringa har det blitt. Vi er heldige som har fleksible og løysingsorienterte medarbeidarar på skulen.

Skulen har det siste året hatt ein lærar i vidareutdanning i norsk 1.- 7. kl. Vi ønskjer å fortsetje med å ha ein eller to lærarar pr. år på dette etterutdanningstilbodet gjennom Utdanningsdirektoratet. Sjølv om etterutdanninga er subsidiert kostar det likevel skulen ca. 120 000,- kr pr. student pr. år ved bruk av vikarordninga.

Året som gjekk, og utfordringane framover

Skulen har og vil etter kvart få born med ulike ressurskrevjande diagnosar. Målet er å tilrettelagge slik at borna opplever mestring og utvikling slik at dei kan klare seg på eiga hand. Frå hausten av treng vi derfor fleire lærarar og assistentar for å kunne gi alle ei forsvarleg undervisning.

Auka behovet for spesialundervisning er ei vedvarande utfordring. Dette går ut over ressursane som går til klassane generelt, og det blir færre ressursar til tilpassa opplæring i klasserommet. Tilskotsordninga «tidleg innsats i skulen» hjelper noko på dette. Denne tilskotsordninga har tidlegare år vore avgrensa til å auke lærartettleiken i for 1.- 4. klasse. No skal tilskotsmidlane auke lærarinnsatsen på 1.- 10. trinn, noko som gjer at kvar enkelt kommune står friare til å setje inn tiltak der det passar best. Målet med dette tilskotet er å setje kommunane i stand til å auke lærartettleiken i grunnskulen. Tilskotsordninga er eit samarbeid mellom Udir, Bufetat, Helsedirektoratet og Imdi. Desse ønskjer at det vert sett i gong tiltak for barn som av ulike årsakar har behov for ekstra støtte til betre gjennomføring og tilknytning til skule og utdanning. Midlane er

fordelt etter grunnskulenøkkelen i inntektsystemet til kommunane. Midlane er øyremerka lærarårsverk til undervisning på 1.- 10. trinn

Eit stadig tilbakevendande tema er uteområde ved skulen. Forfall på eksisterande utstyr er stort, og det er behov for meir/ fleire leikealternativ. FAU har no sett i sving arbeid for å kunne bidra på dette området, flott. Det er eit stort ønske frå alle partar som har med skulekvardagen å gjere at uteområde blir meir spennande og aktiverande. Gevinsten vil vere stor i forhold til trivsel, fysisk utvikling, mobbing, konflikhtar og negativ åtferd.



SFO- Skulefritidsordninga

Pr.01.01.2017 var det 23 barn på SFO. Hausten 2017 starta det 16 barn, og pr. 01.03.18 var det fortsatt 16 barn på SFO. Ved skulestart hausten 2017 var det 6 barn som hadde full plass, pr. 01.03.18 er det berre 3 barn som gjer seg nytte av full plass. Også dette skuleåret er det SFO- tilbod på onsdagar når 1.- 3. klasse har fridag. Det er vanleg at dei eldste SFO- barna går færre timar på SFO om våren enn om hausten. Foreldra si arbeidstid påverkar også endringar i SFO- behovet. Inntektene til SFO er dermed lågare om våren enn om hausten. Behovet for SFO onsdagar har auka dei siste åra.

Vaksenopplæringa

Vi har to personar som deltek i norskopplæring, -rett og plikt. Kommunen kjøper undervisningsteneste av vaksenopplæringa i Ørskog kommune. Ein av desse har permisjon, men vil starte på att i veke 41 2018. Vi har også hatt noko vaksenopplæring for vaksne funksjonshemma elevar med behov for spesialundervisning.

Musikk- og kulturskulen

Denne hausten har kulturskulen hatt 51 elevar, 17 fleire enn i fjor. Vi starta opp eit nytt gruppetilbod for 1. og 2. klassingar «Musikksprell», og denne gruppa har bestått av 8 elevar. Vi har også fått i gang igjen begynnarpplæring på gitar, og det har også vore god søknad på piano og korpsinstrument. Vi har hatt 8 ulike tilbod i haust (messing, treblås, fløyte, piano, song, fiolin, gitar og musikksprell).

Seks lærar har vore tilsett i ulike stillingstørrelsar. Totalt har kulturskulen om lag 80 prosent stilling inkludert administrasjon. Vi er svært nøgd med å ha godt fagleg og pedagogisk utdanna lærar i nesten alle tilboda våre.

Elevar på fløyte og piano deltok på Ungdommens musikk mønstring i Ålesund. Elevane har hatt litt oppdrag på konsertar i kyrkja, 17. mai, framsyning på aldersheimen og liknande.

Dei siste åra har det vore eit veksande problem at elevar har sagt opp plassane sin midt i året. Dette gjer at kulturskulen taper foreldrebetaling. Lærarane er tilsette ut skuleåret, så dei må få løna si. Vi har heller ikkje

ventelister slik at vi kan fylle opp igjen plassane. Det var difor nødvendig å vise ekstra til retningslinjene om oppseiing på søknadsskjema og informere om at det var nødvendig å stramme inn på reglementet på dette punktet. I år har ingen slutta midt i året, så det kan sjå ut som at dette har hatt positiv effekt.



Kultur

Status pr. 31.12.17

| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
|------|-----------------------|------------------|------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| | Netto driftsutgifter | Forbruk Budsjett | % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuke fråvær |
| 2017 | 1 699 899 | 1 743 000 | 98 % | 3,4 | 71 % | 29 % | 3,4 % |
| 2016 | 752 852 | 770 000 | 98 % | 3,4 | 71 % | 29 % | 2,7 % |
| 2015 | 1 263 733 | 1 378 000 | 92 % | 3,4 | 71 % | 29 % | 2,1 % |

Årsverka er fordelt slik:

- Dagleg leiar Stordalshallen, 60% stilling
- Kulturkonsulent, 40% stilling
- Biblioteksjef, 50% stilling
- Folkehelsekoordinator, 50% stilling
- Dagleg leiar frivilligsentral, 100% stilling
- Reinhold, vaktmeisterteneste 40% stilling

Generelt

Stordal kommune har eit rikt kulturliv med mange aktivitetar og arrangement gjennom året. Gjennom året er dei tilsette på kulturområdet aktive med å marknadsføre tilboda både på kommunen si heimeside, Stordalshallen si eiga heimeside og gjennom facebook.

Vi viser til dei to nettsidene våre som gjeld for kultur og Stordalshallen, om nokon ynskjer å vite meir i detalj om alt det vi i fellesskap får utretta.

- Stordalshallen: <http://www.stordalshallen.no/>
- Kultur: <https://www.stordal.kommune.no/kultur/>
- I tillegg kan vi vise til facebooksidene til Stordalshallen og Barnas kommune.

Kulturkontoret - kulturkonsulent

Ei sentral oppgåve for kulturkonsulent er å bidra til at lag, organisasjonar og andre friviljuge får god oppfølging og at samarbeidet mellom det friviljuge og kommunen vert best mogleg. Sentalt er også tilskotsformidling, først og fremst formidling av eigne midlar, men også bidra til at lokalsamfunnet kan nå tak i midlar frå andre aktørar.

Vidare må ein bidra til at samarbeidet mellom dei ulike laga er godt, samt bidra til oppsett og koordinering av trenings- og øvingstider. Ein må prøve å forsterke det som fungerer bra og samstundes bidra på område der det er utfordringar og framleis «ugjort arbeid».

Rikt kulturliv

Kommunen har eit rikt kulturliv, der det mellom anna registrert nærare 60 lag og organisasjonar. Mange av desse har også eit høgt aktivitetsnivå, og den store mengda med lag og organisasjonar bidreg kvar på sine måtar med tilbod til glede for både ung og gamal.

Kulturpris 2017

Stordal Idrottslag er tildelt Stordal kommune sitt kulturpris for 2017, med bakgrunn i at laget er ein aktiv og betydeleg aktør i lokalsamfunnet. Få små idrottslag kan vise til slike resultat kva gjeld både topp og breidde.

Ansvarsområde kultur har ei ramme på kr 450.000,-, og driftsutgiftene for 2017 er kr. 436.686,-. Den store einskildposten utover lønn, er overføring til private. Dette utgjør kr. 182.500 og er i all hovudsak kulturmidlar til lag og organisasjonar.

Kulturmidlar

Stordal kommune delte ut kulturmidlar til lag og organisasjonar (herunder også midlar til kulturstipend, kontingent friluftsrådet m.m.)

Utfordringar framover

- Ta vare på og vidareutvikle den flotte enorme dugnadsånden i kommunen
- Vidareføre det gode samarbeidet med dei friviljuge organisasjonane
- Spelemiddelordninga er pressa, det er om lag fem års ventetid på å få tilsegn. Dette er ei stor utfordring for lag og organisasjonar som ynskjer å få på plass anlegg, evt rehabiliter eksisterande anlegg
- Prioritere, koordinere og utnytte dei samla administrative ressursane på kulturområdet på beste måten

Idretten står sterkt

Det er gode tilbod innan idrett, både for dei som ynskjer å verte veldig gode og for dei som vil halde på fordi det er kjekt. Idrettslaget har ei oppslutning i kommunen på godt over 40%, og antal aktive er høgt både innan vinteridrettane og sommaridrett.

Song og musikk

Det er også mange unge som viser stor interesse for song og musikk og dei har mange arenaer og arrangement der dei får høve til å vise fram kva dei kan. Både i regi av Stordal musikk- og kulturskule, Stordal Ungdomsklubb og i regi av dei mange aktive laga innan song og musikk.

Stordalshallen

Stordalshallen vart offisielt opna i januar 1997 og feira sitt 20 årsjubileum i 2017. Ein kunne sagt mykje om alt det fantastiske som skjer ved Stordalshallen og jubileumsåret 2017 var ikkje noko unntak. Mange organisasjonar også utanom Stordal nyttar hallen til ulike arrangement (øvingshelger/ treningshelger).

Stordalshallen har om lag kr. 1,3 millionar i driftsutgifter, og går i balanse ved inntekter frå sal av reklameplass, utleige av hallen, inntekt frå arrangement etc. Inkludert i driftsutgifter er lønn til dagleg leiar i 60% stilling, vaktmeister i 20% stilling samt reinhaldar. Det er gratis å trene/øve der for lag og organisasjonar i Stordal kommune.

Den desidert største inntektsposten også for 2017, er det som gjeld avtalar inngått med samarbeidspartnarar innan næringslivet. Stordalshallen sitt profileringskonsept er godt og inntekter i 2017 utgjør kr 520.000. Tradisjonen med å arrangere årsfest er vidareført, og Inntektene dette fører med seg er ligg på ca kr 50.000 årleg. Dette varierer veldig frå år til år, men like viktig er dei positive verknader dette har for lokalsamfunnet vårt, noko som vanskeleg kan målast i kroner og øre. I 2017 var det Vinjehjellane som arrangerte ein årsfest med fengande program og stor spennvidde.



Også for 2017 kan vi vise til godt med besøk utanfrå, noko som samla sett gir inntekter på kr 170.000,-.

Stordalshallen sitt besøk av lag og organisasjonar utanfrå kan også ha positiv betydning for lokalt næringsliv og lokalsamfunnet elles.

Det er stadig like viktig å trekkje fram den frivillige innsatsen som vert lagt ned i klatreveggen, på skytebana og dels også på konkurransetrampolina, nettopp for at besøkjande skal ha det best mulig. Dette i tillegg til at både dagleg leiar og vaktmeister gjer sitt ytterste for det same. Stordalshallen får gode tilbakemeldingar på sine arrangement.

Det er sjølvsagt også veldig viktig å trekkje fram lag og organisasjonar i Stordal sin unike evne til å få til arrangement i Stordalshallen. Dette er av uvurderleg betydning. I 2017 vart det endåtil arrangert ein eigen fest til minne om Breidablik (samfunnshuset) og der overskotet frå festen gjekk til Stordalshallen.



Breidablikfesten

Stordal Bibliotek

Stordal bibliotek har 2 tilsette, og totalt 0,48 årsverk. I tillegg har skulebibliotekdelen ein stillingsressurs på 10 %, samt at dagleg leiar for frivilligsentralen har kveldsvakt 2,5 time i veka.

Utlån og besøk

I 2017 lånte biblioteket ut 6993 titlar. Dette er 309 fleire utlån enn det ein hadde i 2016, men då hadde ein utfordringar knytt til at ein tok i bruk ei enkel form for sjølvbetjent utlån. Ein har hatt fokus på oppfølging av brukarane, men registreringsutstyret har vore noko ustabil.

Talet på besøk i 2017 var 3151.

I meldingsåret har ein ført besøkstal for kvar utlånsdag, men talet er truleg noko høgare enn det ein i ein hektisk bibliotekkvardag har fått ned på papiret.

Arrangement, utstillingar

I meldingsåret var Stordal bibliotek arrangør/med-arrangør for i alt 5 arrangement, i tillegg hadde ein våren 2017 ei vandretstilling om plastforsøpling i havet.

I Lesekampanjen Sommarles var det i meldingsåret 42 deltakarar, og det er fleire enn nokon gong tidlegare.

Stordal bibliotek organiserer høgtlesing på Stordalstunet ein gong i veka.

Utfordringar

Budsjettramma er for lita. Biblioteket betyr mykje for mange av innbyggjarane i Stordal kommune, og i ei tid der mange opplever omskifte i kvardagen, kan ei god bibliotekteneste vere særskild viktig når det gjeld tilgang til litteratur, kultur, informasjon og kunnskap. Biblioteket spelar også ei vesentleg rolle når det gjeld helse, trivsel og bulyst. Ein må i større grad ha høve til å møte brukarane med det sortiment av bøker /media som brukarane ynskjer.

Folkebiblioteka skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt.

Bibliotekpersonalet har kompetanse, kreativitet og vilje til at biblioteket skal vere ein aktiv og levande aktør i lokalsamfunnet, men må ha handlingsrom i form av tid og midlar.

Ved hjelp av arrangementstøtte frå fylkesbiblioteket, fekk ein på plass nokre arrangement i 2017, men i dei nye retningslinjene for arrangementstøtte derifrå, vert det stilt krav om minimum 50 % eigenandel, og det gjer at desse midlane vert mindre tilgjengelege for vårt bibliotek. Dersom ein skal lukkast i å hente inn eksterne midlar må ein ha økonomisk handlingsrom.

Ein står føre ei kommunesamanslåing og biblioteksjefen ser det som viktig at innbyggjarar i alle aldrar skal ha nær tilgang til bibliotek, også etter samanslåinga.

Folkehelsekoordinator

Drift: Folkehelsekoordinator i 50% stilling, del av kulturteamet.

Kommuna er med i God Helse partnerskapet med fylkeskommuna.

Folkehelsekoordinator har godt samarbeid med fleire ulike partar. Dette gjeld både innad i organisasjonen, lokale lag og organisasjonar, interkommunale råd og utval og frivillige med dugnadsinnsats.

Drifta er tilpassa etter budsjett, og har dermed lite eigenskap publikumsretta aktivitet og midlar til oppstart eller utbetring av tiltak.

Faste aktivitetar/tiltak

Stikk Ut som er ein suksess og eit flott bidrag til folkehelsa.

Naturmøteplassen, ein uformell møteplass med bål og kaffi. Lite besøkt i starten, men auka litt utover hausten.

Sporadiske aktivitetar/tiltak: Naturspion, eventyrleg vandring og andre ulike aktivitetar gjennom Bar nas kommune og arrangement i samarbeid med lag og organisasjonar.



Naturmøteplassen i Rystene



Eventyrleg vandring i Griggås

Utfordringar i tenesta no og framover

Måla for folkehelsearbeidet finn vi i eige punkt i *Samfunnsdelen i kommuneplanen*. Arbeidet med å nå desse måla må vere sektorovergripande internt i kommuna og med samhandling med frivillige organisasjonar. Ei stor utfordring i dette arbeidet er å prioritere, eller ha nok, ressursar. Det gjeld både personal, fag og økonomi.

Med dokumentet «*Oversikt over folkehelsa*» har ein grunnlag for vidare planarbeid. Der kan ein og finne områder som Stordal skil seg negativt ut statistisk og som det dermed bør settast inn ekstra tiltak på. Stordal kommune har kladda, men ikkje ferdigstilt dette dokumentet. Dette bør forankrast politisk og/eller administrativt.

God helse-partnerskapet har følgande 6 satningsområder:

*Ernæring *Fysisk aktivitet *Psykisk helse *Rusførebygging *Tobakksførebygging *Førebygging av sosiale skilnader i helse.

For å arbeide godt med desse satningsområda har vi same utfordringane som nemnt ovanfor, meir samhandling og sektorovergripande arbeid.

Arbeidet med turstiar, rydding og merking er eit område som bør prioriterast framover.

Aktuelt om bemanning

I budsjettvedtak for 2018 vart det vedteke å legge ned stillinga som folkehelsekoordinator. Dette vil auke utfordringane nemnt i førre avsnitt. Fortsettinga av God Helse partnerskapet med Møre og Romsdal fylke krev at kommuna har tilsett folkehelsekoordinator i minimum 50% stilling. Det er ikkje tatt stilling til om ein seier opp partnerskapet eller om ein løyser det på anna måte.

Flere lokale lag og organisasjonar gjer mykje godt arbeid for folkehelsa i form av aktivitetar, turar og sosiale treff. Stordal kommune rettar ei stor takk til frivillige som utfører dette arbeidet. Stordal kommune bør vere aktive i vidareføring og samhandling med desse.

Stordal frivilligsentral

Stordal frivilligsentral er eigd av Stordal kommune.

Styret

| | |
|---|-----------------------------------|
| Leiar: Jonas Falch (vara: Nina Hauglid) | Stordal kommune |
| Nestleiar: Runar S. Øie | Stordal kommune |
| Torill Sandvik (vara: Solveig Kvammen) | Mental Helse Stordal |
| Bente Vad (vara: Kjersti Hjelle) | Stordal Helselag |
| Steinar Lamo (vara: Ottar Røren) | Herreklubben |
| Torill Brastad (vara: Ruth Janne Vinje) | Stordal skulekorps/ hornmusikklag |

Valnemnd: Trine Lise Bjørge (Stordal Helselag) og Vigdis Hove Øie (Stordal kommune).

Stordal frivilligsentral har hatt to styremøter og handsama 7 saker i 2017.

Dagleg leiar, Bjørg Jacobsen, er tilsett 100% stilling. Dagleg leiar er også koordinator for Stordal ungdomsklubb og Stordal ungdomsråd.

Det blir lagt ut informasjon om frivilligsentralen på Stordal kommune si heimeside etter behov. Stordal frivilligsentral har eiga facebook-side, i tillegg nyter vi plakatar på butikkane og elles. Ny brosjyre vart laga hausten 2016.

Frivilligsentralen er medlem av Norges frivilligsentraler, som er ein paraplyorganisasjon for frivilligsentralane i Norge. Frivilligsentralen er også med i nettverk for frivilligsentralar i Nordre Sunnmøre. Dagleg leiar er med i arbeidsgruppe for oppretting av Frivillig Møre og Romsdal (fylkesorganisasjon for frivilligsentralar). Dagleg leiar er ein del av kulturteamet i Stordal kommune og har eit tett samarbeid med desse.

Aktivitetar og anna: Dagleg leiar er med i styringsgruppa for Barnas kommune og deltek i planlegging og utføring av arrangement som er i regi av Barnas kommune.

Dagleg leiar er også med i styringsgruppa for UKM. Av andre oppgåver dagleg leiar har, kan nemnast kontaktperson for Ungdata-undersøking i 2017, morotur-redaktør, StikkUT, arbeidsgruppe for aktivitetsvenn, arbeidsgruppe for kultur (Fjord kommune), ansvarleg for søknad, tildeling og rapportering i høve Den kulturelle spaserstokk.

Dagleg leiar er på biblioteket 2,5 t pr. veke. Utstyrsbase for aktivitet og friluft var oppretta i 2017, etter å ha fått tildelt midlar frå Bufdir. Her kan ein låne gratis utstyr, som t.d. smørefrie ski, sko og stavar, sykklar og hjelmar, sykkelvogner, skøyter og hjelmar, rattkjelkar, fiskestenger, redningsvestar, barnevogner, tursekkar og truger. Dette tilbodet fått positive tilbakemeldingar og har vore mykje nytta av innbyggjarane i kommunen.

Opningstider på frivilligsentralen er tysdag, onsdag, torsdag frå kl 10:00-14:00. Dei andre dagane er dagleg leiar å treffe på kommunehuset. Om dagleg leiar ikkje er tilstades, prøver ein å få frivillige til å vere til stades som kafévert i opningstida, slik at ein unngår å stenge. Frivillige lag og organisasjonar kan låne

lokala gratis til medlemsmøter og anna aktivitet. Barnehage, helsestasjon og andre avdelingar nyttar også lokalet ved ulike høve. Frivilligsentralen har hatt samarbeid med valfagsgruppa Innsats for andre og elevar som har arbeidslivsfag.

Faste aktivitetar kvar veke: Herreklubb, dametreff, småbarnstreff, vaffeldag.

Faste månedlege aktivitetar:

Ull og omtanke siste søndag i månaden, der det blir strikka lappar som blir sett saman til teppe. Teppa blir gitt til kreftsjuke under behandling. I samarbeid med Ull & omtanke Sykkylven.

Åpent hus for menneske med nedsett funksjonsevne tredje tysdag i månaden, der også målgruppa frå nabokommunane vert inviterte.

Småbarnstreff annakvar måned i samarbeid med Norddal frivilligsentral.

Årlege faste aktivitetar:

Krafttak mot kreft, innsamlingsaksjon i mars kvart år. I samarbeid med Mental Helse Stordal, Stordal Helselag og Sparebanken Møre.

Seniorshop på Stordalstunet to gonger i året.

Natteravn tre gonger pr. år (30. april, 16. mai og Stordalscup).

Verdensdagen for psykisk helse i oktober, i samarbeid med Mental Helse Stordal, Biblioteksjef og folkehelsekoordinator.

Julemesse første helga i advent.

Anna vi tilbyr:

Strøsand til eldre og andre med behov, sal av brodder, sal av tennruller frå Vekst Ørskog. Formidling av skyss til arrangement på Stordalstunet, skyss til butikk, fotpleiar og t.d. pensjonisttreff. Ledsagar til sjukehus i samarbeid med heimetenesta.

Aktiviteten ved frivilligsentralen har auka for kvart år, og ein ønskjer å oppretthalde same aktivitetsnivå i 2018. I 2017 var det registrert 5500 besøkande på frivilligsentral/ ungdomsklubb!

Utfordringa for dagleg leiar er å ha nok kapasitet til å ta seg av alle dei ulike oppgåvene.

Frå 01.01.2017 var statstilskotet endra, slik at kommunen mottar dette som rammeoverføring. Tilskotet i 2017 var 365.000,- og for 2018 er det 403.000,-



Strikketreff, julemesse og vaffeldag er nokon av mange aktivitetar på frivilligsentralen

Stordal ungdomsråd

Dagleg leiar av Stordal frivilligsentral er koordinator for Stordal ungdomsråd.

Stordal ungdomsråd har i 2017 hatt følgjande samansetting:

| | |
|--------------------------|----------------------------|
| Josefine Dyrkorn Alne | (Leiar, 16-19 år) |
| Andrea Falch | (16-19 år) |
| Martin Færøy Stavseng | (Nestleiar, ungdomssteget) |
| Christoffer Dyrkorn Alne | (Ungdomssteget) |
| Sanne de Vrieze | (Ungdomssteget) |

Vara: Mathias H. Tafjord, Ilyas T. Øcalan, Sinne Eisma, Herman Tronstad, Herdis L. Kamp

Ungdomsrådet sine representantar i styringsgruppa Barnas kommune:

Andrea Falch (vara: Sinne Eisma) og Christoffer Dyrkorn Alne (vara: Ilyas Tomas Øcalan)

Utsending til Ungdommens fylkesting i Ålesund 10. - 12. november 2017 var Josefine Dyrkorn Alne og Christoffer Dyrkorn Alne.

Stordal ungdomsråd har hatt 3 møter og handsama 11 saker i 2016. Dette er litt nedgang i forhold til sakene året før. Ungdommens miljøkrav har m.a. vore oppe til handsaming og dette er noko som vil bli jobba vidare med. Det vil vidare framover bli jobba med m.a. leikeområdet på skuleområdet.

"Ungdom i Stordal" er namnet på ei lukka facebookgruppe for ungdomen i Stordal, der ein ønskjer innspel, ris og ros til ungdomsrådet. Leiar av ungdomsrådet er administrator av gruppa, saman med koordinator. Sida vert m.a. nytta til å dele informasjon om ungdomsklubb og anna aktuelle saker som involverer ungdom i kommunen.

Fond som ungdomsrådet disponerer:

I 2011 var det sett av kr 28.000,- på fond.

I 2012 var det sett av kr 37.000,- på fond (overskot av We will rock you).

Ei av utfordringane har vore, og vil også framover, vere om koordinator har nok tid og kapasitet til å følgje opp ungdomsrådet med dei ulike vedtaka og oppgåvene dei ønskjer å jobbe vidare med.

Stordal ungdomsklubb

Dagleg leiar av Stordal frivilligsentral har koordineringsansvar for ungdomsklubben.

Stordal ungdomsklubb skal drive ein open treffstad for ungdom i Stordal kommune. Ungdomsklubben skal utvikle venskap og trivsel hjå ungdomane i eit røyk- og rusfritt miljø. Den skal vere open for all ungdom frå ungdomsskulesteget og opp til 20 år.

Opningstider er onsdagar kl 20:00-22:00, der leiar av frivilligsentralen er vakt, og laurdagar kl 20:00-24:00. Laurdagar er det foreldre til elevar i ungdomsskulen som er vakter. Koordinator sender ut foreldrevaktliste på hausten. Denne ordninga har fungert bra, bortsett frå nokre tilfelle våren 2017, der foreldrevakter ikkje kunne stille av ulike grunnar og heller ikkje klarte å bytte. Dette medførte at koordinator var på jobb nokre laurdagar, samt stenging ein laurdag, noko som er uheldig, då det går utover ungdommane sitt tilbod.

Ungdomsklubben er samlokalisert med frivilligsentralen i Stordal Næringsbygg. Ungdomsklubben har eige kinorom som vert nytta til film og TV-spel. Lokala har permanent scene med trosserigg, lyd- og lysutstyr, samt prosjektor og storskjerm. Andre aktivitetar er m.a. bordtennis, biljard, air-hockey, fotballspel og brettspel.

Lokalet inneheld også musikkverkstad, som vert drifta av ungdomsklubben. Musikkverkstaden er open i ungdomsklubben sine opningstider, samt at dei som ønskjer å øve elles, kan booke øvingstid og låne nøklar.

Ungdomsklubben leiger ut lokalet til t.d. barnebursdag og selskap for øvrig. Frivilligsentralen låner ut lokala gratis til lag og organisasjonar.

På klubbkveldane er det kiosksal. Om ungdommane ønskjer det, er det høve til å bake kake eller steike vafler på desse kveldane. På hausten og på nyåret vert det arrangert allmøte, der ein legg planar for sesongen.

17. mai er det tradisjon med kulturkveld i Stordalshallen, der ungdomsklubben m.a. står ansvarleg for programleing og koordinering av dei kulturelle innslaga. Dei hjelper også til med loddsal og har inntekt av inngangsbillettane. Ungdomsskuleelevar og foreldre har ansvar for nedrigging og rydding etter arrangementet.

I desember var det adventskalender på ungdomsklubben dei dagane det var åpent. Ein hadde m.a. baking, julekos med gløgg og pepperkaker og såg på julefilm. Dette var kjekt i ei elles travel førjulstid og ungdommane som var tilstades kunne sjølv velje om dei ville delta i aktivitetane.

I 2017 har det igjen vore mange ungdommar på klubbkveldane, med eit gjennomsnitt på 14,1 frammøtte på kvar av opningskveldane. Dette er kjekt å registrere!

Vidare framover er det eit ønskje om å få bytta ut varmekjelda på den «gamle» delen av lokalet, frå takovnar til varmepumpe. Dette vil på sikt vere best både for miljøet og økonomien. Himlingane i taket ser heller ikkje spesielt fine ut, etter at varmen frå takovnene gjer at støvet sett seg fast.

Klubben har inntekter av utleige til private og søker om midlar frå ulike støtteordningar til innkjøp av større utstyr.

Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg



Omhandlar følgjande tenesteområde:

- Helsetenesta
 - Helse og sosial felles
 - Fysioterapi
 - Psykiatri
 - Helsesøster, jordmor
 - Legeteneste
 - Sosialteneste / NAV / Barnevern

- Omsorgstenesta
 - Stordalstunet
 - Tiltak for personar med nedsett funksjonsemne
 - Institusjonstenesta
 - Omsorgssenter

| Rammeområde 3 - Helse, pleie og omsorg | | | | | | | |
|--|-----------------------|------------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 31 028 360 | 29 562 500 | 105 % | 44,2 | 94 % | 6 % | 9,1 % |
| 2016 | 31 484 400 | 26 276 620 | 120 % | 49,2 | 93 % | 7 % | 15,5 % |
| 2015 | 28 062 866 | 24 740 000 | 113 % | 53,3 | 94 % | 6 % | 11,9 % |

Driftsrekneskapen for rammeområde 3 Helse og omsorg syner eit meirforbruk på kr 1.465.860 samanlikna med budsjett. Meirforbruket gjeld hovudsakleg pleie og omsorg, og vert nærare kommentert i underkapittelet til omsorgstenesta.

Omsorgstenesta

| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
|------|-----------------------|------------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 25 028 169 | 22 228 850 | 113 % | 38,3 | 93 % | 7 % | 10,0 % |
| 2016 | 25 944 815 | 20 793 000 | 125 % | 43,0 | 92 % | 8 % | 16,8 % |
| 2015 | 22 627 020 | 18 518 400 | 122 % | 46,4 | 93 % | 7 % | 12,6 % |

| Tall på tenestemottakarar | 01.01.2017 | 31.12.2017 |
|-----------------------------|------------|------------------------|
| Institusjonsteneste | 17 | 15 + 3 gjestepasientar |
| Heimeteneste | 36 | 36 |
| Bu- og habiliteringsteneste | 6 | 5 |

Institusjonstenesta

På Stordalstunet vart pleietyngda og tall på bebuarar minkande i siste halvdel av 2017, motsett av utviklinga i 2016. Pleietyngda vart spesielt krevjande våren 2017 og det blei behov for å sette inn ressursar utover normert grunnbemanning for å ivareta pasientsikkerheita. Utover hausten endra situasjonen seg drastisk og personalressursen blei regulert ned i samsvar med praktisering av behovstilpassa bemanning. Heilt mot slutten av året vart overkapasiteten på ledige plassar så stor at det blei vedteke å tilby gjesteplassar til Norddal kommune. Kommunen tok i mot tre gjestepasientar i løpet av desember månad. Ein spesiell vinter med mykje glatte førte også til at eldre heimebuande innbyggjarar fekk behov for korttidsopphald grunna brotskade.

Heimetenesta

I heimetenesta har tal på brukarar vore uendra i 2017, men det har vore endring i pleietyngde. Dette då hjelpebehovet til fleire tenestemottakar har auka med omsyn til å ivareta eiga helse, eigenpleie, ernæring, aktivitet og generell meistring i kvardagen. Fleire fekk utvida tenesteomfanget i eige heim. Dette som ledd i trenda om at tenestemottakarar bør bu heime så lenge som mogleg. Men kommunen har ikkje etablert nattpatrolje. Vilkår for at den einskilde tenestemottakar kan bu heime er difor, i tillegg til grad av kognisjon, at vedkommande ikkje treng bistand på natt.

Bu – og habiliteringstenesta

Bu- og habiliteringstenesta, yngre brukarar med spesielle behov og/ eller funksjonshemming, det er barn, ungdom og vaksne som treng særskilt omsorgsyting, alt frå omsorgslønn og støttekontakt til døgnkontinuerleg aktivitets- og hjelpebehov.

Endringar knytt til brukarbehov førte til ein samla reduksjon i tenesteomfang på ca 2 årsverk ved årets slutt.

Tal på vaksne tenestemottakarar og barn er stort sett lik. Ulikheita er at føresette til barn, som har særskilt omsorgsbehov, har eit medansvar for ivaretaking av barnet. Vidare veks og utviklar barn seg kontinuerleg. Det gjer at dei treng hyppig justering av hjelpetiltak i takt med denne utviklinga. Det er venta at desse omsorgstrengande barna gradvis vil få behov for meir ressursinnsats frå kommunen. Dette etter kvart som plikta og sikker sedvane til føresette om å yte omsorg for eigne barn blir mindre.

Rehabiliteringstenesta

Kommunefysioterapeuten har oppgåver med behandling- og treningsstiltak opp mot bebuarar på Stordalstunet. I samarbeid med tilsynslege og pleiepersonalet utøver fysioterapeuten individretta tiltak dersom den einkilde bebuar medisinsk fagleg vurdert treng det. I tillegg vert det utøvd førebyggjande arbeid og hjelpemiddelhandtering til innbyggjarar i heile kommunen. Det er ikkje tilsett ergoterapeut i kommunen.

Støttefunksjonar

Støttefunksjonar innan omsorgstenesta med eiga institusjonskjøkken, vaskeriteneste, reinhaldar og heimehjelp er velfungerande og trivselsfremmande ordningar. Det er høg grad av serviseorientering blant tilsette i desse tenestene. Dei har fokus på brukarmedverknad og lyttar til ønska til den einkilde brukar i samband med tenesteutøvinga. Sommarstid arrangerer dei grillmiddagar i sansehagen.



Frivillig involvering/ aktiv omsorg

Det har vore lagt til rette med aktiv omsorg i stor skala i 2017, både opp mot bebuarar på Stordalstunet, bebuarar i omsorgsbustad og andre interesserte innbyggjarar i kommunen. Dette i samarbeid mellom omsorgsleiar, pårørandeforeininga, frivillige organisasjonar i bygda og kultursektoren i kommunen. Faste aktivitetar har vore trimgruppe, lesestund, aktivitetsgruppe, kafédagar med kulturelle innslag og andakt. Sansehagen vart nytta til turgåing, besøk i hønsegarden, sommarkonsert og sosialt samvær. Sykkeltur i ricksawsykkel var populær aktivitet midt på sommaren.

ØHD-teneste/ samhandlingsreform

Øyeblikkelig hjelp døgntilbod, ØHD, vart eit lovkrav til alle kommunar frå 2016, men det vart ikkje etablert i vår kommune før våren 2017. Dette via interkommunalt samarbeid med nabokommunar om ein ØHD-eining lokalisert i gamle Åse Sjukeheim, og samlokalisert med legevaktenesta. Hensikta med ØHD er yting av enklare akutte tenester nærare der pasientane bur og på lavast mogleg nivå, det vil seie på kommunenivå. ØHD sine oppgåver er observasjon og utgreiing av akutt innsettande sjukdom og tilpassa initierande behandling der helsetilstanden elles er avklara. Oppfølgjande behandling/intervensjon skal skje lokalt i Stordal. Det krev god tilgang på lege- og sjukepleieteneste, noko som venteleg vil auke i framtida. Samhandlingsreforma frå 2012 er ein retningsreform der kommunar gradvis får overført fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta. Det må kommunen være budd på.

Utfordringar i tenestene nå og framover

Rekruttering av fagpersonale

Det er tilsett mange dyktige helsefaglege medarbeidarar i omsorgstenesta. Fleire ufaglærte assistentar ha satsa på å utdanne seg til helsefagarbeidar. Utfordringa er å rekruttere tilstrekkeleg personell med høgare utdanning. Som ledd i alle dei sjukepleiespesifikke oppgåver som omsorgstenesta må handtere, mellom anna grunna samhandlingsreforma og ØHD tiltaket, er det lite optimalt med sjukepleiar i bakvakt. Målet er å ha sjukepleiar i aktiv vakt alle døgnets timer, året rundt. I tillegg er tett samarbeid mellom institusjonstenesta, heimetenesta, bu- og habiliteringstenesta viktig for å sikre tilgang på sjukepleiefagleg kompetanse innan heile tenesteområdet.

Dagsenter/ demensomsorg

Dagtilbod er ei teneste som i omsorgsplan 2020 vert pålagt kommunane opp mot heimebuande eldre med demens sjukdom. Omsorgstenesta si vurdering er at det også er behov for slikt tilbod, som helsefremmande tiltak, i forhold til eldre heimebuande som opplever einsamheit og/ eller lite stimulering i kvardagen. Personalet er budd på å drifte eit dagsenter, mellom då dei kontinuerleg gjennom to år har tileigna seg meir kunnskap innan dette fagfeltet. Dei har delteke i læringsgruppa demensomsorgens ABC. Det er også tilrettelagt lokalitetar i sokkeletasjen på Stordalstunet til dagsenter. For å få det opp å gå trengs det friske midlar til inventar, utstyr og drift. Utan tilgang på naudsynte ressursar i 2017 lykkast det diverre ikkje å få satt dagsenteret i drift.



Omsorgsplan 2020/ velferdsteknologi

I tillegg til aktiv omsorg og dagtilbod er overordna tema i omsorgsplan 2020 brukarmedverknad, førebygging, meistring, lindrande behandling og velferdsteknologi. For å møte desse utfordringar starta tenesta arbeid med kvalitet-, nettverk- og prosjektarbeid i 2017. Prosjektarbeid i velferdsteknologi – å kunne leve lenger i eige liv - blei initiert mot slutten av 2017, i samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune. Dette då kommunane skal slå seg saman til Fjord kommune i 2020, og prosjektet er planlagt å vare i 3 år. Kommunane fekk tildelt prosjektmidlar til oppstart av dette arbeidet. Velferdsteknologi er ikkje eit mål i seg sjølv, det er eit framtidsretta verkemiddel for å realisere viktige verdiar for brukarar, pårørande og tenestene. Teknologien skal bidra til berekraftige tenestetiltak i framtida når det blir fleire eldre og færre tenesteutøvarar.

Kvalitetsarbeid og forbetningsnettverk

Hensikta med kvalitetsarbeid er å sikre at all tenesteyting er forankra på ein systematisert og strukturert måte. Tenesteleveransen skal være fagleg forsvarleg og den skal opplevast trygg og føreseieleg. Stordal og Norddal starta i 2017 felles prosessarbeid med kvalitetsforbetring, enten ved å utarbeide nye rutinar og prosedyrar eller å revidere dei eksisterande. Kommunane vart også saman om å delta i KS sitt læringsnettverk om gode pasientforløp. Det er ein forbetningsprosess som skal gå over to år. Målet er å sikre at pasientar får heilskapleg teneste og at det er saumlause overgangar mellom dei ulike tenestenivå, både internt i eigen kommune og eksternt opp mot helseføretaket.

Bemanning/ medarbeidarfokus

| Tall på årsverk i turnusplan | 01.01.2017 | 31.12.2017 |
|------------------------------------|------------|----------------------------|
| Institusjons- og heimeteneste | 20,8 | 19,4 |
| Bu- og habiliteringsteneste | 20,4 | 17,9 +vakant leiarstilling |
| Støttefunksjon/ kom. Fysioterapeut | 3,4 | 3,4 |

*Reduksjon i bemanninga er gjort greiefor i avsnittet «om tenestene».

Nærværarbeid og leiarutvikling

Stordal kommune er IA bedrift og i tråd med dette hadde omsorgstenesta i 2017, basert på kommunens plan for reduksjon av sjukefråvær, fokus på nærværarbeid. Utover å følge opp tilsette som var sjukmeldt blei det retta fokus på førebyggjande og helsefremmande tiltak. Dette ved å fokusere på at tilsette er viktige for verdiskapinga i organisasjonen, ved å legge til rette så tilsette er motiverte og har lyst å stå i jobb, og ved i samråd med leiinga å bygge opp under gode haldningar og eit godt arbeidsmiljø. Velferdstiltak i form av felleslunsj og andre trivselsfremmande tiltak vart også ledd i nærværarbeidet. Vidare starta kommunen eit leiarutviklingsprogram der einingsleiarar og tillitsvalte innan omsorgstenesta tok del. Tema i dette programmet var sjukefråværsoppfølging og arbeidsrett. Leiarutviklingsprosjektet blei finansiert ved hjelp OU midlar. Restsummen av tildelte midlar blei overført til 2018.

Omstrukturering/ nye Fjord kommune

Som ledd i organisasjonsutvikling blei det gjennomført ei omstrukturering av omsorgstenesta hausten 2017. Det blei valt ein organisasjonsmodell som er identisk med den Norddal kommune har. Tenesteområdet vårt blei delt inn i to einingar: 1) institusjon og 2) open omsorg. Kvar av desse einingar har tilsett eigen einingsleiar. For å sikre oppgåver med tenestetildeling, prosjekt- og planarbeid, koordinerande eining og innovasjon blei det oppretta ein ny rådgivande funksjon. Overordna administrativ leiing av heile tenesteområdet blei tillagt assisterande rådmann. Ein har tru på at denne omstruktureringa vil føre til ein optimalisering av vår tenesteyting, dels på kort sikt og dels i eit meir langsiktig perspektiv. Vidare vil assisterande rådmann få delt sitt funksjonsområde mellom Stordal og Norddal kommune frå og med 2018. Summen av alle desse endringar vil være eit godt utgangspunkt i det vidare arbeidet med å flette saman omsorgstenestene i disse to kommunar fram mot 2020. Det er året når kommunane går saman i nye Fjord kommune.

Spesifikasjon av rekneskapstal pr. ansvarsområde innan pleie og omsorg

| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Avvik |
|-----------------------|----------------|---------------|------------|
| Stordalstunet | 13 124 005 | 11 233 700 | -2 290.305 |
| Omsorgssenteret | 5 984 967 | 5 215 000 | -769 967 |
| Heimetenesta | 3 300 535 | 3 205 600 | -94 935 |
| Tiltak funksjonshemma | 2 618 662 | 2 574 500 | -44 162 |
| Sum | | | -3 199 369 |

Resultatet frå drifta i 2017 viser et overforbruk samanlikna med budsjettet. Årsaker til dette er mellom anna kompleksiteten og krava til forsvarleg tenesteytinga, styrka personalressursar og vikarbruk grunna fleire langtidssjukemeldingar blant personalet.

Helsetenesta

| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
|------|-----------------------|-----------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 6 637 375 | 7 033 650 | 94 % | 5,9 | 100 % | 0 % | 2,7 % |
| 2016 | 5 883 708 | 5 876 620 | 100 % | 6,2 | 100 % | 0 % | 5,4 % |
| 2015 | 5 126 972 | 6 040 000 | 85 % | 6,9 | 100 % | 0 % | 6,9 % |

Totalt sett har helsetenesta eit mindreforbruk på 394.275 samanlikna mot revidert budsjett.

Kommunelegen sluttar i juni 2018, og det er foreløpig ikkje tilsett ny lege. Det er difor noko usikkert korleis drifta av legetenesta vert det komande året.

Ein forventer at budsjett for 2018 kan haldast innanfor rammene som er gitt, under føresetnad at utgiftene på legetenesta ikkje vert endra som følgje av eventuelle endringar i samband med tilsetting av ny kommunlege. Det er også ein føresetnad at antal pasienter held seg stabil på fastlegelista i Stordal kommune.

Legetenesta

Drifta har vore som forventa, med aukande utgifter til lønn og kjøp av interkommunale tenester. Auka lovkrav og dermed også behov for ytterlegare interkommunale avtalar har auka mykje dei siste åra. Det er ikkje mogleg å drifte disse tenestene sjølv.

Jordmortenesta

Vi kjøper jordmorteneste frå Skodje kommune. Utgiftene til dette er forutsigbare og stabile, og det er ingen driftsmessige utfordringar slik ordninga er no.

Helsestasjon

Drifta har vore som forventa. Det er utfordringar knytt til å levere tenester til alle, då helsestasjonen ikkje er universelt utforma. Det er varsla om mangel på heis til lokala tidlegare. Retningsliner vert stadig endra og dei lovpålagte oppgåvene har auka. Helsesøster er nødt til å prioritere sitt arbeid og rekk tidvis ikkje over alt som er lovpålagt innan dei fristar som er sett.

Psykisk helsetjeneste

Psykisk helsearbeidar har hatt foreldrepermisjon i delar av 2017, samt permisjon i 20% i etterkant. Det er difor eit overskot på denne posten for 2017. I komande år vil truleg permisjonen på 20% permisjon bli viareført. Faglig sett har det vore aukande antal henvendingar der behovet for ein ruskonsulent tydeleg kjem fram.

Rammeområde 6 - Tekniske tenester, plan og utvikling, TSSN

| År | Rekneskap og budsjett | | | Bemanning | | | |
|------|-----------------------|-----------|-----------|-----------|-----------------|--------------|--------------|
| | Netto driftsutgifter | Budsjett | Forbruk % | Årsverk | Andel % kvinner | Andel % menn | Sjuka fråvær |
| 2017 | 3 375 016 | 4 700 000 | 72 % | 7,7 | 1 % | 99 % | 2,0 % |
| 2016 | 5 261 463 | 5 262 180 | 100 % | 8,2 | 1 % | 99 % | 1,2 % |
| 2015 | 4 106 890 | 4 834 000 | 85 % | 8,7 | 1 % | 99 % | 4,5 % |

Organisasjonen omfattar

TSSN – teknisk samarbeid mellom Stordal og Norddal kommune vart etablert frå 01.01.2011 og har seinare vorte formalisert gjennom permanente avtalar mellom kommunane.

For Stordal har ein desse ansvarsområda:

- Plan (kommuneplan og regulering)
- Byggesaker, Grunnerverv
- Oppmåling (matrikkelsaker, målegrunnlag og kartverk)
- Brann (brannberedskap, feiing og oljevern)
- Slamtømming
- Renovasjonstenester i samarbeid med Årim
- Kommunale vegar (inkl. brøyting, strøing, bruer, gatelys og ferister)
- Offentlege plassar og grøntområde
- Vatn og avløp (renseanlegg, pumpestasjonar og ledningsnett)
- Drift/vedlikehald kommunale bygningar
- Kaianlegg

I tillegg har avdelinga oppgåver knytt til planlegging og gjennomføring av fleire investeringsprosjekt.

Årsmottale 2017

Stilling som oppmålingsingeniør hadde pappapermisjon, dels permisjon utan løn i starten av året 01.jan – 15.april. Oppmålingsingeniør sa opp stillinga si og slutta 01.oktober. Ny ingeniør Leif Sægrov, tilsett frå same dato.

Etaten har hatt ytterlegare ei administrativ stilling vakant heile året etter at Einar Lied først hadde permisjon, og seinare sa opp si stilling. Trond Alstadsæter har vore konstituert i stillinga som teknisk sjef.

Stig Busengdal var konstituert som brannsjef fram til 01.okt, men har etter dette hatt administrative oppgåver knytt til brannvern. Etter dette har ein vore utan brannsjef.

Vakanse og skifte av mannskap gjer oss sårbare når vi er så få, og dette har påverka avdelinga sin kapasitet, både i høve dagleg drift og prosjektgjennomføring.

For rammeområde 6, teknisk var budsjetttramme kr 4 700 000 for 2017. Rekneskapstala for same periode vart kr 3 479 016,- Dette heng i stor grad i saman med vakansar og dermed mindre gjennomført.

I tillegg til ordinær drift, vil ein for 2017 særleg nemne desse arbeidsområda:

- Slutføring dagsenter ved Stordalstunet
- Arbeid med planar, anbudsutlysing og gjennomføring av tekniske anlegg Grigåsørbbane
- Større vedlikehaldsoppgåver på vassverket
- Nye stikkrenner for turløype Almås –Overøye
- Planlegging og anbudsutlysing knytt til barnehage

- Utviding av sykkelparkering ved Stordal skule
- Innføring av mobil miljøstasjon for Stordal
- Tilknytning av nye hytteområder til vatn og avløp Nørddalen
- Mange plansaker knytt til hytteområder i Nørddalen
- Arbeid knytt til kommunesammenslåing
- Innkjøp og etablering av UMS (innbyggjarvarsling via sms)

Utfordringar for TSSN i 2018

Etter fleire år med samarbeid med Norddal, arbeider ein fortsatt mykje etter to «system» grunna to kommunar med ulik oppbygning og struktur.

Den pågåande prosessen med samordning med Norddal bør kome vidare snarast for at vi skal få ein meir effektiv etat.

Andre prioriterte oppgåver i 2018:

- Byggestart barnehage
- Ferdigstilling Grigåsørøbbane
- Utbetring av veg «Alleen» på Dyrkorn
- Bygging slamavskiljar Dyrkorn og Stordal
- Planlegging Brannstasjon
- Nye leidningsanlegg vatn og avløp Overøye
- Utbetringar på vassverk Stordal
- Nye anbod for rammeavtalar anleggsmaskiner
- Innføring av felles brannvakt og brannsjefordning med Norddal
- Arealplan Nørddalen skal rullerast
- Mange reguleringsplanar i Nørddalen under arbeid
- Større grøfterensk



Bygging av nytt fortau til Vinjehjellane



Utbetring av vasslekkasje ved Andersgarden

Rammeområde 9 – Finansinntekter/finansutgifter

- Betalingsformidling
- Renter på innlån og utlån
- Finansplassering
- Avdrag på lån
- Avskrivningar
- Skatt på inntekt og formue
- Rammetilskot og andre tilskot
- Bruk av fond
- Overføring til investeringsrekneskap (eigenkapitalinnskot KLP)
- Disponering av tidlegare års driftsresultat
- Årets rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk

Spesifikasjon av dei vesentlegaste postane innan finansområdet

| | Rekneskap 2017 | Budsjett 2017 | Avvik mot budsjett | Rekneskap 2016 | Budsjett 2016 |
|--------------------------------|-------------------|---------------|-----------------------|-------------------|---------------|
| Rammetilskot | 56 722 288 | 55 438 000 | +1 284 288 | 56 194 265 | 54 468 000 |
| Skatt | 21 128 897 | 20 423 000 | +705 897 | 20 380 370 | 20 964 000 |
| Avdrag på innlån | 5 021 190 | 5 900 000 | | 4 832 515 | 5 200 000 |
| Renter på innlån | 2 585 684 | 2 960 000 | | 2 683 551 | 2 464 800 |
| Avskrivningar | 6 755 257 | 7.000.000 | | 5 523 786 | 5 700 000 |
| Renteinntekt på bankinnskot | 387 283 | 350 000 | | 437 727 | 500 000 |
| Finansforvaltning | 1 533 164 | 0 | | 627 089 | 0 |

Stordal kommune har fått kr. 1,2 mill. meir i rammetilskot enn det som var budsjettert, og har også motteke kr. 705.000 meir i skatteinntekter enn det som var budsjettert. Også foregåande år (2016) fekk kommunen ca. 1,1 mill. meir i rammetilskot/skatteinntekter enn det som var budsjettert.

Kommunen si finansportefølje Aktiv Forvaltning ga ein urealisert gevinst i 2017 på kr. 1.533.164, noko som er eit formidabelt godt resultat. Vi kan ikkje rekne med at portefølja har same utvikling, og det er budsjettert med kr. 700' i 2018.